Bygland kommune

Foto: Marit S. Kvaale

Budsjett 2018
Økonomiplan 2018-2021

Vedteke dokument

Kommunestyret PS 43/17, den 13.12.2017

FORORD

Rådmannen legg med dette fram sitt framlegg til budsjett for 2018 og økonomiplan for 2018 – 2021.. Framlegget byggjer på kommunestyret sitt økonomiplanvedtak for 2017– 2020, politiske vedtak, saman med justeringar tufta på oppdatert informasjon i statsbudsjettet og andre endringar i den økonomiske situasjonen for kommunen.

Utviklinga i kommunen sine inntekter har vore negativ frå 2012. Den negative folketalsutviklinga gjennom mange år har ført til nedgang i inntekter frå skatt og rammetilskot. Dei kraftbaserte inntektene viser også ein klar nedgang. I budsjettet for 2015 var kommunen i ein situasjon der det ikkje lenger var nok å nytte ostehøvel for å få budsjettet i balanse. Budsjettet vart som kjent saldert med bruk av fond. I budsjettet for 2015 vart det vedteke å redusere budsjettramma for 2016 med 8 millionar for at budsjettet for 2016 kunne salderast utan bruk av fond.

I budsjettet for 2018 oppstår noko av den same situasjonen på nytt. Dei kraftbaserte inntektene vert kraftig redusert og den forventa veksten i frie inntekter (skatt og rammetilskot) vert 1%. Den forventa auken i kostnader vert 2,6 %. I budsjettprosessen for 2018 er det kutta maksimalt i drifta både på utgiftssida og inntektssida.. Det er så godt som ingen buffer i budsjettrammene til einingane.
Med desse grepa er budsjettet lagt fram i balanse for 2018, men rådmannen vil minne om at det kan bli meirforbruk i einingane om det skjer noko uforutsett i løpet av budsjettåret.

Det har vore arbeidd konstruktivt med næringsutvikling i kommunen i 2017. Dei største sakene er Ose Water og Hovatn Aust vindmøllepark.
Det er i budsjettet for 2017 framlegg om å investere i nødvendig infrastruktur på Austad for legge til rette for den nye bedrifta.

Det er vidare positivt å registrere at det er mange bønder som vil satse på nybygging i jordbruket. Dette er svært viktig for den vidare utvikling i kommunen, både med omsyn til matproduksjon og halde kulturlandskapet i hevd. Det er sett av kr 2.400.000,- i samla investeringsstøtte for å stimulere til bruksutbygging i kommunen.

Eit anna viktig tiltak i budsjettet er utvikling av Prestneset til framtidig bustadbygging og næringsutvikling. Det er viktig å legge til rette for bygging attraktive bustader både for kommunen sine innbyggjarar og innflyttarar.

Bygland kommune har frå 2014 busett 38 flyktningar, 20 vaksne og 18 barn. Kommunen har prioritert å bygge nye bustader til flykningane og det er sett av ressursar til busetting, helsetenester og undervisning. Busetting av flyktningar stiller alltid store krav til kommunen og innbyggjarane. Rådmannen meiner dei tilsette har gjennomført dette på ein god måte og gjort sitt til at busettinga har vore vellukka..

I 2017 vart det sett i gang ein stor K-Lean-prosess i kommunen for å forbetre tenesteproduksjonen.

«K-LEAN handlar om å:

- skape bedre flyt i arbeidsprosessene ved å fokusere på det som har verdi for brukerne eller innbyggerne, og fjerne unødvendige operasjoner og ledd.
- lytte til brukernes erfaringer med tjenesten og til hva som er viktig for dem.
- gi den enkelte medarbeider helhetsforståelse, overblikk og direkte innflytelse over arbeidsprosessene.
- ta i bruk en strukturert verktøykasse for å innhente, utvikle, velge ut og implementere ideer som kan forbedre prosessene og skape bedre resultater for brukeren.»

Det er lagt opp til brei involvering både av brukargruppene og dei tilsette i kommunen. Det er nedsett arbeidsgrupper av tilsette som skal kome med framlegg til store og små forbetringar i drifta i kommunen. Dette arbeidet er godt forankra i den politiske og administrative leiinga i kommunen og rådmannen har store forventningar til at dette arbeidet vil bidra til at vi kan produsere betre tenester for innbyggjarane i kommunen.

Rådmannen opplever at Bygland kommune har eit godt tenestetilbod til sine innbyggjarar, sjølv etter at driftsnivået er kraftig redusert. Det er ein engasjert organisasjon, med dyktige tilsette, som er orienterte mot utvikling. Det skjer mykje positivt, som gir grunnlag for å halde fram arbeidet med å løfte omdømmet til kommunen og våge å vere stolte av eigen kommune.

Til tross for mykje å glede seg over i 2017, er den største utfordringa for kommunen framleis den negative folketalsutviklinga. Dette gir reduserte inntekter og gjer det vanskeleg å oppretthalde eit godt tenestetilbod. Eg er viss på at både politikarane og administrasjonen tek denne utfordringa på alvor. Eg trur vi må utfordre kvarandre på å vere innovative for å finne tiltak som kan snu denne negative utviklinga.

Aasmund Lauvdal
Rådmann

INNHALD

FORORD **1**

DEL I. FRAMLEGG TIL INNSTILLING: **5**

1. FRAMLEGG TIL INNSTILLING – ÅRSBUDSJETT 2018 5
2. FRAMLEGG TIL INNSTILLING – ØKONOMIPLAN 2018 – 2021 6

DEL II. GENERELLE KOMMENTARAR **6**

1. FORMELLE FORHOLD VEDK. ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 6
1.1. Lovmessig grunnlag for budsjett og økonomiplan *6*
2. GENERELLE HOVUDLINER – SAMANDRAG 7
2.1. Den aktuelle situasjonen for kommunesektoren *7*
2.2. Bygland kommune – hovudliner *7*
2.3. Investeringar og avsetningar *8*
REGIONPLAN AGDER 2020 8
3. FOLKETALSUTVIKLING 10

DEL III. KOSTRA REKNESKAPSTAL FRÅ 2016 ..... **11**

1. Finansielle nøkkeltal *11*
2. Prioritering *13*
3. Dekningsgrad *13*
4. Produktivitet/ einingskostnader *14*
4. ØKONOMISK RAMME 2018 – 2021 15
4.1. Kommunen sine driftsinntekter *15*
4.1.0. Generelt 15
4.1.1. Avgifter og betalingssatsar 15
4.1.2. Skatt på formue og inntekt 16
4.1.3. Eigedomsskatt 16
4.1.4. Statlege rammeoverføringar 17
4.1.5. Frie inntekter 17
4.1.6. Andre statlege overføringar 18
4.1.7. Konsesjonskraftinntekter 19
4.1.8. Inntekter frå Agder Energi A/S 19
4.1.9. Naturressursskatt 19
4.2. Kommunen sine driftsutgifter. *20*
4.2.1. Løns- og prisvekst 20
4.2.2. Pensjonsutgifter 20
4.2.3. Rente- og avdragsbelastning 20
4.2.4. Finansiering av investeringar 21
4.2.5. Ubundne investeringsfond 21
4.2.6. Konsesjonsavgifter og næringsfond 21
4.2.7. Disposisjonsfond – drift 22
4.2.8. Budsjettskjema 1A Driftsbudsjett 23
5. INVESTERINGSBUDSJETTET. 23
5.1. Hovudoversikt Investeringar. *23*
5.2. Investeringar i anleggsmidlar for budsjettet 2018. ..... *24*
5.3. Investeringar i økonomiplanperioden *28*
5.4. Utlån *31*
5.5. Finansiering av investeringsbudsjettet *31*

DEL IV. BUDSJETTRAMMER FOR DEI EINSKILDE RESULTATEININGAR **32**

POLITISK STYRING 33
RÅDMANNSKONTORET OG FELLESUTGIFTER 35
7.2 DELMÅL 1 - LIKESTILLING 37
7.3 DELMÅL 2 - LIKESTILLING 38

7.4 DELMÅL 3 – LIKESTILLING 38
7.5 DELMÅL 4 – LIKESTILLING 38
KULTUR, BIBLIOTEK, BYGDEBOK, UNGDOMSKLUBB 39
OPPVEKSTSEKTOREN I BYGLAND KOMMUNE 41
Bygland oppvekstsenter: *42*
Byglandsfjord oppvekstsenter: *43*
RESULTATEINING: HELSE 44
RESULTATEINING: NAV 46
RESULTATEINING: PLEIE OG OMSORG 48
RESULTATEINING: DRIFT OG FORVALTNING 51
STØRRE PROSJEKT 52
RESULTATEINING: EKSTERNE SAMARBEID 52
RESULTATEINING: ANDRE SENTRALE INNTEKTER OG KOSTNADAR 53
VEDLEGG 55
BUDSJETTSKJEMA 1A. ØKONOMIPLAN 55
BUDSJETTSKJEMA 1B. ØKONOMIPLAN 56
BUDSJETTSKJEMA 2A. ØKONOMIPLAN 57
BUDSJETTSKJEMA 2B. ØKONOMIPLAN 58
BUDSJETTSKJEMA 1A. ÅRSBUDSJETT 60
BUDSJETTSKJEMA 1B. ÅRSBUDSJETT 61
ØKONOMISK OVERSIKT – DRIFT 62
BUDSJETTSKJEMA 2A. ÅRSBUDSJETT 63
BUDSJETTSKJEMA 2B. ÅRSBUDSJETT 64
ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING 66

DEL I. FRAMLEGG TIL INNSTILLING:

1. Framlegg til innstilling – årsbudsjett 2018

Framlegg til årsbudsjett for Bygland kommune for 2018, med tilhøyrande føresetnader vert å fastsette som Bygland kommune sitt årsbudsjett for 2018.

Skattesatsar/ marginavsetning:
Skatten for 2018 på formue og inntekt vert å fastsette til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.

For eigedomsskatteåret 2018 skal det skrivast eigedomsskatt på verk og bruk jf. Eigedomsskattelova § 3 1. ledd bokstav c. Eigedomsskatten vert å fastsette til 7 o/oo.

Kommunale avgifter og betalingssatsar:
For 2018 vert det følgjande endringar av kommunale avgifter og betalingssatsar:
Bygland kommune legg opp til 100 % dekningsgrad på kommunale avgifter, med unntak av årsavgift på kloakk.

- Årsavgift for vatn (fast og kubikkavg.)…… vert auka med 3,0 %
- Årsavgift for kloakk (fast og kubikkavg.)… vert auka med 2,5 %
- Slamavgift…… vert auka med 2,5 %
- Tilkoplingsavgift for vatn…….. vert auka med 2,5 %
- Tilkoplingsavgift for kloakk…….. vert auka med 2,5 %
- Renovasjonsavgift hus…….. vert auka med 2,5 %
- Renovasjonsavgift hytte…….. vert auka med 2,5 %
- Feieavgift…….. vert auka med 2,5 %

Andre betalingssatsar aukar i samsvar med framlegg til Gebyrregulativ 2018.

Låneopptak:
Det vert lagt opp til eit finansieringsbehov ved lån/ubrukte lånemidlar til investering på 2.51 millionar i 2018. Kommunen forventar ei utbetaling av resterande spelemiddelfinansiering på 7 mill., som er knytt opp mot bygging av idrettshallen på Bygland. Dette er mellombels finansiert med lån, slik at inntekta inngår som finansiering av årets investeringar. Før ein tek opp nytt lån, vert ubrukte lånemidlar frå året før nytta. Det vert ikkje søkt om å ta opp startlån i 2018.

Andre forhold:
1. Rådmannen får fullmakt til å fordele løyving til følgjande føremål ut på den einskilde resultateining:
   - Løyving til lønsauke og auka pensjonsutgifter.
   - Løyving til opplærings- og utviklingstiltak samt velferdsmidlar.
2. Rådmannen får fullmakt til naudsynte tiltak for å gjennomføre vedtaket om minsteavdrag.
3. Rådmannen får fullmakt til å bruke av, og avsette midlar til einingsfond.
4. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre strykningar dersom driftsrekneskapet vert gjort opp med underskot.
5. Rådmannen får fullmakt til å prioritere finansiering av investeringsrekneskapet innanfor budsjett.
6. Rådmannen vert gjeven fullmakt til å fordele kostnadar mellom det ordinære næringsfondet og avkastninga frå Byglandsfjordfondet.
7. Det vert oppretta fond på 4 000 000 til kommunale vegar.
   Før sommaren vert det lagt fram sak med anbefaling av bruk av fondet over fire år, 2018-21. Vegljos i Prestlidi må bli vurdert i denne saka.
8. Kommunestyret ber rådmannen syte for at sentralbordtenesta vert betra slik at telefonhenvendingar blir svara på av eit menneske. Det er naturleg at dette vert vurdert i oppfølging av arbeidsmiljøundersøkinga. Om naudsynt ber kommunestyret om ei sak om dette.
9. Det vert gjeve 100 000 i omframt tilskot til Bygland kyrkjelege fellesråd for måling av kyrkja.
   Dekning: Disposisjonsfond.

10. Det skal gjevast dataopplæring for eldre i 2018.
11. I påvente av tilsetjing av ny plansjef og for å sikre vidareføring av reguleringsplanen for Ose, leiger kommunen inn ekstern kompetanse til å utføre arbeidet. Avtale med kostnadsoverslag skal godkjennast av Formannskapet.

Generelt:
Kommunestyret vil presisere at budsjettet er bindande. For den einskilde resultateining gjeld reglane om delegert budsjettmynde innanfor netto driftsramme. Ut over dette viser ein til kommunen sitt økonomireglement.

I budsjettet er det teke atterhald om storleiken på auken i utgiftene til IKS og A/S der kommunen er deltakar. Dette skal samordnast på rådmannsnivå og i Setesdal Regionråd før endeleg løyving vert fastsett. Budsjettert overføring til Setesdal Regionråd er under føresetnad at alle deltakarkommunane er samde om deltakarstøtta.

2. Framlegg til innstilling – økonomiplan 2018 – 2021

1. Økonomiplan for perioden 2018 - 2021 vert å vedta i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

2. Driftsrammer og investeringsrammer i økonomiplanen for perioden 2018 - 2021 vert lagt til grunn for planlegginga av den kommunale drifta.

3. Enkeltsaker med økonomiske konsekvensar som kjem opp i løpet av året, skal som hovudregel ikkje handsamast som enkeltsaker, men skal handsamast i samband med økonomiplan/ budsjett.

Del II. Generelle kommentarar

1. Formelle forhold vedk. årsbudsjett og økonomiplan

1.1. Lovmessig grunnlag for budsjett og økonomiplan

Kommuneloven § 45 seier at kommunestyret innan utgangen av året skal vedta budsjett for komande kalenderår. Årsbudsjettet er ein **bindande** plan for kommunen sine inntekter og utgifter i budsjettåret og bruken av desse.

Budsjett- og rekneskapsforskriftene set følgjande krav til ein kommune sitt årsbudsjett:

a. Det skal vere reelt, fullstendig og oversiktleg.
b. Budsjettet skal vere i balanse. Det er normalt ikkje høve til å budsjettere med rekneskapsmessig underskot.
c. Eventuelt rekneskapsmessig underskot skal førast til dekking i budsjettet seinast to år etter at det har oppstått.
d. Ved behandling av budsjettet skal det vurderast spesielt om det er behov for å styrke likviditeten ved å tilføre midlar til kommunen si kontantbehaldning.

Det budsjettet som vert lagt fram er eit samla administrativt forslag. Ein har forsøkt å legge opp til mest mogleg open budsjettprosess med resultateiningane. Alle resultateiningane har kome med viktige innspel til arbeidet, og rådmann/økonomileiar har hatt møte med alle desse.

Kommuneloven § 44 gjev det lovmessige grunnlaget for økonomiplanen:

> **"§ 44.** *Økonomiplan.*
> 1. Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.
> 2. Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.

3. Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.
4. I økonomiplanen skal det for kvart enkelt år økonomiplanen omfattar bli anvist dekning for dei utgifter og oppgåver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.
5. Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.
6. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.
7. Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.
8. Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering."

Reint praktisk har ein delt denne saka i fylgjande to dokument:
Dokument – Rådmannen si innstilling med kommentarar til både årsbudsjett og økonomiplan.
Vedlegg – Hovudoversikter for årsbudsjettet samt hovudoversikter for økonomiplanen.

2. Generelle hovudliner – samandrag

2.1. Den aktuelle situasjonen for kommunesektoren

I budsjettframlegget frå Solberg-regjeringa er det lagt opp til ein vekst i frie inntekter til kommunane på kr 3,8 mrd. Demografikostnadene utgjer om lag kr 2,2 mrd. og auka pensjonsutgifter utgjer om lag 0,35 mrd. På landsbasis er det ei satsing innanfor veksten av frie inntekter på 0,8 mrd. Dette er ikkje øyremerka midlar, men satsingsområder i statsbudsjettet. Totalt vil det på landsbasis vere eit handlingsrom på kr 0,4 mrd. for kommunane samla. Den forventa pris og lønnsveksten (deflator) ligg på 2,6 % for kommunesektoren.

Frå 2017 til 2018 har Bygland kommune nominell vekst i frie inntekter på 1 % i forhold til "RNB-nivå". Dette vil seie ein negativ realvekst på om lag 1,6 %. I 2017 budsjettet var det negativ vekst på 0,4 %. Dette er ein stor nedgang frå 2016 då vi hadde ein positiv realvekst på 1,5 % frå 2015 nivå.

2.2. Bygland kommune – hovudliner

Bygland kommune er ferdig med fleire store investeringar dei siste åra. Dette har ført til at kommunen sine ubundne investeringsfond er reduserte og lånegjelda er på eit nivå rett over samanliknbare kommunar.

I 2018 er investeringane hovudsakleg knytt til drift og forvaltning inkludert VAR- området (vatn, avlaup og renovasjon), samt prosjekt retta mot oppvekstsentret på Bygland. Nokre av prosjekta er ei vidareføring av prosjekt som starta i 2017, men ikkje fullførde eller forskyvde grunna andre prioriteringar.

Dei ordinære driftsrammene til resultateiningane er i økonomiplanen justert for den sentrale lønsauka, føringar i statsbudsjettet og særlege forhold som er kommentert i budsjettet.

For 2018 er eigedomsskatten på nivå med 2017. Det var ei endring i 2017, noko grunna dei låge kraftprisane dei siste 5 åra, samt omlegging i skattenivået nasjonalt. For Bygland sin del, utgjer den største reduksjonen ei endring i fordelingsnøkkelen som er utrekna av Sentralskattekontoret. Men inntekta frå eigedomsskatt er auka sett mot inngangen av budsjettåret 2017

Dei låge straumprisane reduserer også inntekta frå sal av konsesjonskraft i 2018 og ut over økonomiplanperioden.

Netto budsjettframlegg for drifta i 2018 balanserer med inntekter og utgifter på kr 103.146.000,-. I tillegg utgjer investeringsbudsjettet i anleggsmidlar kr 10.520.000,-.

Budsjett 2018 er lagt fram som eit 0-budsjett. Det vil sei at utgiftene balanserer med inntektene. Dette var og målet som blei satt i budsjettprosessen 2017. Det er tilrådd at kommunane bør ha eit positivt netto driftsresultat på minimum 1,75% for god kommuneøkonomi (Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi, November 2014). Sjølv om 2018 budsjettet er lagt fram som eit 0-budsjett, vil framleis kommunen ha eit handlingsrom gjennom den fondsbalansen kommunen har,

Dersom det vert aktuelt å utvide skattegrunnlaget for eigedomsskatt for 2018, eller seinare i økonomiplanperioden må det bli handsama som eiga sak i kommunestyret.

2.3. Investeringar og avsetningar
Det er i 2018 lagt inn investeringar i anleggsmidlar på kr 10,52 mill. Dei største tiltaka er bygging av nytt reinseanlegg på Austadneset, rehabilitering av kloakkreinse- og kloakkpumpestasjonar i kommunen og uteområdet ved Bygland oppvekstsenter. Utover det er det fleire mindre investeringar. Enkelte av prosjekta er starta i 2017 og blir sluttførte i 2018.

Overordna mål

Slagord: **”Med hjarta i Bygland”**

Overordna mål: **Auke folketalet i Bygland kommune**

Ut i frå overordna mål skisserer vedteken Kommuneplan 2011- 2022, Kommunestyrevedtak 22.02.11, vegen vidare for å nå dette målet.

Bygland i Noreg:
- Stimulere til å vise toleranse og vere open for andre kulturar, uttrykk og tradisjonar
- Aktivt nytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi i eit nasjonalt og globalt perspektiv
- Styrke profileringa av Bygland som ein god stad å bu
- Styrke satsinga på barn, ungdom og unge barnefamiliar

Bygland i Agder:
- Styrke busettinga i heile kommunen
- Skape tru på innovasjon og utvikling
- Arbeide for eit positivt omdøme for Bygland kommune
- Utvikle og satse på eigne ressursar, eigenart og kvalitetar

Heime i Bygland:
- Skape attraktive miljø i kommunen ved å fremje ei berekraftig utvikling
- Ha eit teneste- og servicetilbod som har særskilt merksemd på dei unge sine behov; slik som symjehall, idrettslag og ungdomsklubb
- Satse på å få ungdommen heim att
- Sørgje for god trafikksikring i bustadområde og langs skuleveg
- Helseteneste med merksemd på behova hos familiar med barn og ungdom

Regionplan Agder 2020

Fylkestinga i Aust- og Vest-Agder har vedteke at planlegging av felles utfordringar i regionen skal skje gjennom ein felles regionplan som erstattar fylkesplanane. I regionplan Agder 2020 er det formulert 5 hovudmål mot 2020.

«Regionplan Agder 2020 er en videreføring av Agderrådets strategiske dokument "Felles mål for Sørlandet 2003-2010" og har erstattet denne. For å gi planen størst mulig gjennomslagskraft, er det etablert et likeverdig samarbeid mellom de to fylkeskommunene»

Hovedmålet i regionplanen er å utvikle en sterk og samlet landsdel som er attraktiv både for bosetting og næringsutvikling. Planen er først og fremst en prioritering av viktige mål. For å synliggjøre dette, beskriver planen fem målbilder for Agder 2020, som samfunnsbeslutninger kan måles opp mot:

- Mål 1: Klima: Høye mål - lave utslipp

I 2020 har Agder posisjonen som en internasjonalt ledende region for klimavennlig produksjon og distribusjon av fornybar energi. Dette skjer ved utbygging av ny fornybar energi og tilrettelegging for kraftutveksling som gir økt leveranse av miljøvennlig energi til kontinentet. Den eksportrettede industrien på Agder framstår som et globalt forbilde gjennom høy innovasjon når det gjelder klimavennlige produksjonsprosesser og effektiv energibruk. Klimahensyn er et overordnet krav i alle regionale og lokale samfunnsbeslutninger.

- Mål 2: Det gode livet: Agder for alle

I 2020 er Agder preget av tilflytting og betydelig sterkere vekst i folketallet enn landsgjennomsnittet. I tillegg til at vi tiltrekker oss ny kompetanse og nødvendig arbeidskraft, har vi hatt en vesentlig nedgang av unge på uføretrygd, arbeidsledigheten er under landsgjennomsnittet og en økende andel av befolkningen har høyere utdanning. Samtidig har andelen yrkesaktive kvinner økt markert de siste 10 årene. Agder skiller seg ikke lenger negativt ut på levekårsindeksen og likestillingsindeksen.

- Mål 3: Utdanning: Verdiskaping bygd på kunnskap

I 2020 har det regionale kunnskapsløftet gitt betydelige resultater. Gjennom målrettet arbeid på tvers av kommunegrenser og forvaltningsnivåer har Agder lyktes med å heve kvaliteten på alle utdanningsnivåer – fra barnehager til universitetet. Alle som trenger barnehageplass får det, grunnskole-resultatene er over landsgjennomsnittet, frafallet i videregående skole er vesentlig redusert og universitetet gjør seg bemerket både nasjonalt og internasjonalt. Satsingen på økt kompetanse og samarbeid har bidratt til framvekst av en rekke nye gründerbedrifter og et næringsliv som hevder seg i tøff internasjonal konkurranse.

- Mål 4: Kommunikasjon: De viktige veivalgene

I 2020 kan vi konstatere at åpningen av den nye firefeltsveien mellom Grimstad og Kristiansand i august 2009 var startskuddet for en vellykket samferdselssatsing på Agder. Arbeidet med en sikker motorvei gjennom hele Agder er godt i gang. Utbedring av fylkesveiene har fått et løft, og målrettet trafikksikkerhetsarbeid har gitt positive resultater med reduksjon i de mest alvorlige trafikkulykkene. Kjevik har fått en rekke nye utenlandsruter og er en flyplass som dekker regionens behov, og som er godt rustet for å håndtere ytterligere vekst. Skipstrafikken har økt og det er en naturlig arbeidsdeling mellom havnene i landsdelen. Sikkerheten er ivaretatt ved at det er etablert en fast slepebåtberedskap. Arbeidet med sammenkobling av Vestfoldbanen og Sørlandsbanen er i gang. Kollektivtrafikken har hatt en markert vekst.

- Mål 5: Kultur: Opplevelser for livet

I 2020 preges det regionale kulturlivet preget av mangfold og skaperkraft. Det er skapt en rekke nye arbeidsplasser i kulturbasert
næring. Kultursatsingen har skapt trivsel, styrket den regionale identiteten og bidratt til å gjøre landsdelen enda mer attraktiv.
Kulturbygg som Kilden i Kristiansand og Buen i Mandal har hatt betydelige ringvirkninger i forhold til både byutvikling og livskvalitet. Festivalmangfoldet i Agder er større enn noensinne, samtidig som de største musikkfestivalene har blitt nasjonale begivenheter med helårsdrift og god økonomi. De regionale museumssatsingene har ført til markert publikumsvekst og både
kultur- og idrettsliv har gode vilkår, blant annet gjennom nye og moderne anlegg en rekke steder i regionen.»

Folkehelsearbeid i Bygland kommune

«§ 4.Kommunens ansvar for folkehelsearbeid
Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.
Kommunen skal fremme folkehelse innen de oppgaver og med de virkemidler kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tjenesteyting.
Kommunen skal medvirke til at helsemessige hensyn blir ivaretatt av andre myndigheter og virksomheter. Medvirkning skal skje blant annet gjennom råd, uttalelser, samarbeid og deltagelse i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor.»

Verdiar i Bygland kommune

Bygland kommune har følgjande verdiar:

- Stolt
- Framsynt
- Løysingsorientert
- Truverdig
- Lojal

3. Folketalsutvikling

Samla folketal i kommunen har utvikla seg slik dei siste åra:

01.01.01	01.07.10	01.07.11	01.07.12	01.07.13	01.07.14	01.07.15	01.07.16	01.07.17
1 341	1 245	1 236	1 214	1 202	1 173	1 224	1 211	1 205

Nedanfor følgjer ei oversikt som viser samansetning i folketalet:

	01.01.2001	01.07.2012	01.07.2013	01.07.2014	01.07.2015	01.07.2016	01.07.2017
0-5 år:	90	55	60	52	58	58	65
6-15 år:	181	160	151	135	144	135	122
16-66 år:	844	806	800	776	796	795	789
67-79 år:	134	138	129	144	160	157	166
80-89 år:	81	39	45	52	45	51	51
Over 90 år:	11	16	17	14	21	15	12
SUM:	**1 341**	**1 214**	**1 202**	**1 173**	**1 224**	**1 211**	**1 205**

Med verknad frå budsjettåret 2009 vert rammetilskotet fastsett etter folketalet pr. 01.07. året før. I dette budsjettet har ein lagt til grunn ein prognosemodell frå Telemarksforskning basert på oppdatert folketal per 01.07.17. Dette talet kan avvike frå SSB sine tal.

Ein ser at den auka i folketalet som var i 2015 på ny er redusert. Veksten er i hovudsak knytt til start i av asylmottaket på Bygland. Etter mottaket vart lagt ned, reknar ein at store delar av nedgangen kan knytast til dette. Ser ein folketalet over tid er kommunen på ny inne i ei negativ utvikling i folketalet. For å illustrere dette har vi tatt inn ei oversikt som viser alderssamansettinga i kommunen 01.01.01 samanlikna med samansettinga i dag. Samla folketal har på 17 år gått ned med 136 innbyggjarar. Dette er ein reduksjon på 10,14 %. Det mest alvorlege i denne oversikta er reduksjonen i aldersgruppa 0-5 år som er redusert med 25, frå 90 til 65

innbyggarar, og aldersgruppa 6-15 år som er redusert med 59 personar. Dette utgjer ein reduksjon på 32,6 % for denne gruppa over 17 år.

Summen av desse endringane i demografien, fører til ein kraftig reduksjon i inntekter (skatt/ rammetilskot). I tillegg til dette er kommunen forplikta til å levere helsetenester og andre kommunale tenester til mellom 40-50 elevar på KVS Bygland som ikkje inngår i folketalet i kommunen.

Utvikling framover:
Folketalsutviklinga i Bygland er svært usikker over tid og historiske tal syner ei uheldig utvikling. Som ein ser, er folketalet avhengig av mange faktorar som asylmottak, integrering, inn-/ utflytting, talet på fødde/ døde og tilgang/avgang på arbeidsplassar. Det er òg viktig med tilgang til attraktive bustad- og næringstomter i kommunen, og tilgang på attraktive arbeidsplassar i regionen sett under eit.

Del III. Kostra rekneskapstal frå 2016

Innleiing
Kostra rekneskapstal for 2016 er ein metode for å samanlikne kostnadane i ulike kommunar.
Dette talgrunnlaget er nyttig både for administrasjonen i arbeidet med budsjettet og for politikarane i den politiske handsaminga.

I desse oppstillingane er nytta tal frå Bygland kommune, Valle kommune og Iveland kommune. I tillegg er det sett opp kommunegruppe 6 som viser ei samanlikning med kommunar som statistisk er mest lik Bygland kommune. Kommunegruppe 6: "Små kommunar med høye bundne kostnader per innbyggar, høye frie disponible inntekter". Kommunegruppe 6 er det beste samanlikningsgrunnlaget.

I Agder, Telemark og Rogaland inngår følgjande kommunar i Kommunegruppe 6:
Fyresdal kommune, Åseral kommune, Forsand kommune, Kvitsøy kommune og Bokn kommune.

1. Finansielle nøkkeltal

Kostra rekneskapstal KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune	Bygland 2016	Iveland 2016	Valle 2016	KG06 2016
Finansielle nøkkeltall				
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,1	-3,2	-0,9	1,8
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	9,6	4,1	3,1	3,5
Frie inntekter i kroner per innbygger	73 336	65 740	68 373	72 632
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	234,5	164,4	234,1	223,5
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter	40,6	42,2	29,8	28,7
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	91 949	48 218	104 715	83 466

Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter
Indikatoren viser differansen mellom brutto driftsinntekter og brutto driftsutgifter i prosent av driftsinntektene. Avskrivingar, som er eit uttrykk for verdiforringinga på kommunale anleggsmidlar, blir førte i driftsrekneskapet, men blir eliminert før rekneskapsmessig resultat blir fastsett. I indikatoren brutto driftsresultat gis midlertidig avskrivingane resultateffekt, og kan dermed bli brukt for samanlikning med det resultatorienterte rekneskapssystem, som primært blir brukt i privat næringsliv.

I resultatomgrepet brutto driftsresultat er avskrivingar med som utgiftspost og den berekna verdiforringinga av kommunane sine anleggsmidlar er dermed også tatt med. Avskrivingane har ikkje reell resultatverknad for kommunane, og er eliminert før netto driftsresultat.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter
Indikatoren viser netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene. Ein reknar netto driftsresultat ut frå brutto driftsresultat, men tar i tillegg omsyn til resultat eksterne finansieringstransaksjoner, dvs. netto renter, netto

avdrag samt kommunale utlån, utbytte og eigaruttak, og er i tillegg korrigert for avskrivingar slik at disse ikkje gis resultateffekt. Netto driftsresultat kan anten bli brukt til finansiering av investeringar eller sette dei av til seinare bruk. Dette vert rekna som det viktigaste resultatmålet for kommunane og bør over tid vere minimum 1,75 %, som er eit tilrådd nivå for god kommuneøkonomi (Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi, November 2014).

Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Indikatoren syner langsiktig gjeld i prosent av driftsinntektene. Ordinære renter og avdrag på lån skal finansierast av driftsinntektene, og indikatoren viser langsiktig gjeldsbelastning i forhold til disse. Lån som skal gå til vidare formidling til andre instansar/innbyggarar, såkalla formidlingsutlån, inngår og i indikatoren. Langsiktige lån har normalt lengre løpetid enn eitt år.

Netto lånegjeld i kroner per innbyggar

Netto lånegjeld i er definert som langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsforpliktelsar), med fråtrekk for totale utlån og ubrukte lånemidlar. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av eigne midlar). Indikatoren omfattar dermed utlån der mottatte avdrag skal inntektsførast i investeringsrekneskapet, i tillegg til innlån som vert ført som avdrag i driftsrekneskapet.

Kommentar:

Tabellen viser at Bygland kommune hadde eit netto driftsresultat godt over snittet for Kommunegruppe 6. Rekneskapet for 2016 vart eit godt år for nasjonal kommuneøkonomien, og for Bygland kommune. Hovudårsaka til det gode rekneskapsresultatet i 2016, er at det var budsjettert med bruk av disposisjonsfond. Det vil sei at dei store innsparingane i rekneskapsåret enda opp i eit godt resultat når den budsjetterte bruken av disposisjonsfond vert ført inn i rekneskapen. Mykje av innsparingane i 2016 kan en også knyte opp mot m.a. pensjonskostnadar og rentekostnadar, men også skatteinngangen vart høgare en det som var forventa for landet generelt, grunna krisa i oljesektoren. Både Bygland, Iveland og Valle hadde eit netto driftsresultat godt over 1,75 %, som er tilrådd nivå for god kommuneøkonomi. Kommunegruppe 6 hadde i snitt eit resultat godt over tilrådinga.

Tabellen viser vidare at Bygland kommune har kontroll på gjeld i høve til brutto driftsinntekter. Dette er heilt på nivå med Valle kommune. Iveland kommune ligg vesentleg lågare med 164,4 %. Bygland kommune auka kraftig på samla lån etter bygging av Idrettshallen, og årlege låneopptak til investering er vesentleg redusera i 2016 og utover, samanlikna med låneopptak i 2015. Ein ser dette også igjen i oversikten under, kor det er ein reduksjon i frå 2015 til 2016.

Bygland kommune ligg nå bare svakt høgare enn Kommunegruppe 6 i netto lånegjeld i kroner per innbyggar.

Utvikling i finansielle nøkkeltal over tid:

Bygland	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Finansielle nøkkeltall									
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-2,6	-5,5	-10	-1,4	-4,6	-1,4	-9,1	-2,2	4,1
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	5,1	3,5	-1,5	6	1,7	5,2	-1,8	3,9	9,6
Frie inntekter i kroner per innbyggar	48893	54079	54970	62403	66063	68249	69828	69594	73336
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	196,6	202,1	212,8	203,3	201,1	214,1	241	253,3	234,5
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter	47	35,7	28,1	28,8	23,2	30,2	36,2	39,6	40,6
Netto lånegjeld i kroner per innbyggar	46644	55736	57986	57229	56466	60578	60945	81561	91949

Tabellen syner utviklinga i finansielle nøkkeltal over dei 9 siste åra.

2. Prioritering

Kostra rekneskapstal KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune	Bygland 2015	Bygland 2016	Iveland 2016	Valle 2016	KG06 2016
Prioritering					
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	144 348	154 510	171 393	194 936	143 362
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor , per innbygger 6-15 år	167 927	169 902	153 012	175 245	164 012
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	4 367	4 938	4 012	9 206	5 355
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten	28 799	31 034	16 592	28 842	29 423
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	2 645	2 697	3 546	5 240	3 917
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	15 289	10 768	4 200	5 543	15 310
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	11 566	10 608	9 614	12 444	10 942

Tabellen viser at Bygland kommune sine netto driftsutgifter per innbyggar. Her spelar innbyggartalet inn. For Bygland sin del er det færre å fordele kostnadane på. Derfor vert en og sårbare for endringar i folketalet i kommunen. Få personar kan gjere store utslag på kostnadane. Dei geografiske avstandane kan i enkelte samanhengar virke som kostnadsdrivande for kommunen.

Bygland har høgare netto driftsutgifter til barnehage enn Kommunegruppe 6, men lågare enn Valle kommune og Iveland kommune. Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring er ganske likt med Kommunegruppe 6 og Valle kommune, medan Iveland ligg lågare. Dette kan ein relatere til talet på born i grunnskulen som ein kan fordele kostnadane på.

Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta er litt lågare enn nivået i Kommunegruppe 6. Iveland kommune ligg mykje lågare, medan Valle kommune ligg mykje høgare.
Utgiftene til pleie og omsorg er reduserte kraftig frå 2014, men ligg i 2016 svakt høgare enn Kommunegruppe 6. Vi ligg også høgare enn Valle kommune, og mykje høgare enn Iveland.
Netto driftsutgifter til sosialtenesta ligg lågare i Bygland kommune enn i Kommunegruppe 6 og dei andre kommunane. Netto driftsutgifter til barnevernstenesta ligg på nivå med Kommunegruppe 6, og vesentleg høgare enn Iveland og Valle kommune. Dette er knyta opp mot saker innanfor barnevernet. Det er likevel ein kraftig reduksjon i kostnadane frå året før..
Netto driftsutgifter til administrasjon ligg nå lågare en kommunegruppa og Valle. Og er redusera dei siste årane.

3. Dekningsgrad

Kostra rekneskapstal KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune	Bygland 2015	Bygland 2016	Iveland 2016	Valle 2016	KG06 2016
Dekningsgrad					
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	113	91,8	88,9	95,7	88,9
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	7,9	5,7	14,7	5,3	10,3
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	20,3	20,3	9,9	28,6	18
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	6,5	6,5	13,1	13,2	13
Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år	..	..	..	..	..
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	90	100	97,3
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	23,3	17,2	11,1	19	18,1
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne	3,2	4,2	3,7	6,8	..
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4,8	4,9	2,1	3,9	..
Sykkel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	17	17	37	32	159
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	27	29	20	41	39
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,48	0,48	0,48	0,48	..

Bygland kommune har god dekningsgrad i forhold til barn med barnehageplass. At talet låg over 100 %, i 2015 skuldast at born utan adresse i kommunen blir gjeve tilbod om barnehageplass i kommunen, til dømes born frå Senum i Evje og Hornnes kommune som går i barnehagen på Byglandsfjord. Det er verd å merke seg at Bygland kommune ikkje lenger har ein høg del barn i grunnskulen som får spesialundervisning. Dette er ein ytterlegare reduksjon frå 2014 talet på 9, og 2015 talet på 7,9.

Bygland har saman med Valle ei veldig god legedekning med over 2 årsverk per 1.000 innbyggar. Derimot ligg vi veldig lågt på årsverk til fysioterapi i kommunen.

Innbyggarar over 80 år som bur på institusjon er redusert for Bygland kommune. Med lågt tal på innbyggarar, kan få personar gjere store utslag på statistikken. Nå ligg vi på gjennomsnitt for kommunegruppa. Bygland tilbyr ein alle bebuarane i pleie- og omsorgsinstitusjonar enkeltrom.

Bygland kommune ligg lågt på sosialhjelpsutgifter. Dette er tal som fort kan snu seg, og ein ser ei negativ utvikling frå året før. Tabellen syner at talet på årsverk i brann- og ulykkesvern per 1000 innbyggar er lik for Bygland, Iveland og Valle. Dette er ei lik fordeling av det interkommunale samarbeidet på brann.

Ut over dette syner ein til tabellen.

4. Produktivitet/ einingskostnader

Kostra rekneskapstal KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune	Bygland 2015	Bygland 2016	Iveland 2016	Valle 2016	KG06 2016
Produktivitet/enhetskostnader					
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	159 308	207 935	224 010	234 356	189 090
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss, per elev	151 876	155 890	166 301	173 132	170 518
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	10	10	10	9	9
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	206 049	200 034	105 300	208 407	243 338
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	731 214	757 500	746 650	1 161 950	1 124 894
Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)	3 126	3 204	3 684	3 350	4 296
Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	7 800	7 996	5 517	3 350	3 919
Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	3 022	3 098	2 880	3 232	3 187
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	77	..	..	117	..
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager	..	..	57	38	..
Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	47 939	49 000	100 635	139 333	93 953

Tabellen viser produktivitet/ einingskostnader på ulike område.

Ein ser av oversikten at kommunen driv relativt kostnadseffektivt på dei fleste områda samanlikna med kommunegruppa og dei andre to kommunane. Vi ligg anten rett i nærleiken av snittet av tilsvarande kommunar, eller under. Ein vil spesielt peike på utgifter til institusjon per kommunale plass, der ein driv vesentleg billigare enn kommunegruppa og Valle kommune. Dette talet har betra seg dei siste åra sett opp mot auka i kommunegruppa.
Dessverre så ligg dei kommunale gebyra for avlaupstenesta høgt i kommunen. Dette er i stor grad knyta til dei geografiske utfordringane som ligg i ein langstrakt kommune med få innbyggarar å fordele kostnadane på.

4. Økonomisk ramme 2018 – 2021

4.1. Kommunen sine driftsinntekter

Driftsinntekter (Tall i 1000 kroner)	*Budsjett 2018*	*Budsjett 2017*	*Regnskap 2016*
Brukerbetalinger	-4 690	-4 541	-5 206
Andre salgs- og leieinntekter	-12 869	-12 130	-13 595
Overføringer med krav til motytelse	-10 914	-10 731	-22 460
Rammetilskudd	-60 327	-59 975	-59 025
Andre statlige overføringer	-7 866	-6 463	-9 816
Andre overføringer	-3 639	-4 130	-5 165
Inntekts- og formuesskatt	-27 011	-26 394	-25 620
Eiendomsskatt	-8 395	-7 768	-8 844
Andre direkte og indirekte skatter	-6 300	-6 150	-6 247
Sum driftsinntekter	**-142 011**	**-138 282**	**-155 978**

4.1.0. Generelt

Veksten i driftsinntektene frå opphavleg budsjett 2017 til 2018 er nominelt på 2,7 %. Med ein forventa løns- og prisvekst på 2,6 % gir dette ein netto negativ realvekst på 0,1 %. Dette er i hovudsak knytt opp mot tøffare fokus på inntening på einingane.

I budsjettet for 2018 er det nytta netto driftsrammer for kvar eining. Endelege inntekter frå drifta vil framkomme når detaljbudsjettet for kvart år i økonomiplanen er ferdigstilt. I budsjettet no, er dei einskilde einingane sine inntekter frå 2018 vidareført ut perioden.

Sal av konsesjonskraft er flytta til driftsinntekter i dette budsjettet. Driftsinntektene for 2018 og utover perioden er korrigert for 2017-prognosane for sal av konsesjonskraft ut over økonomiplanen.

Skatt på inntekt og formue vil variere i takt med det kommunale skatteøyre og talet på innbyggarar. Talet på innbyggarar har også verknad på det ordinære rammetilskotet, saman med dei sentral politiske retningslinene.

Andre generelle statstilskot blir reduserte som fylgje av nedskriving av sentrale rentekompensasjonsordningar.

Renteinntekter og utbytte vil variere i takt med rentemarknaden i landet, samt overskot til utdeling hos Agder Energi.

4.1.1. Avgifter og betalingssatsar

I budsjettet for 2018 er det framlegg om å auke dei kommunale avgiftene med 2,5 %. Unntaket er årsavgift for vatn som vert auka med 3 % (Forventa deflator for 2018 er på 2,6 %).

Vassavgiftene vert endra med 3,0 % i 2018. Det same gjeld tilkoplingsavgift for vatn.
Kloakkavgiftene vert endra med 2,5 % i 2018. Det same gjeld tilkoplingsavgift for kloakk.

Slamavgifta skal etter gjeldande lover og forskrifter dekke kommunen sine samla utgifter til innkøyring og behandling av slam. Kommunen reduserte i 2014 slamavgifta med 8 % for å redusere slamfondet. Det er ordinær slamtømming i 2018. Avgifta vert auka med 2,5 % for 2018.

Renovasjonsavgifta skal etter gjeldande lover og forskrifter dekke kommunen sine samla utgifter til innsamling og behandling av avfall. Ein aukar desse med 2,5 %. Konkursen hos renovasjonsleverandør i 2017 gjer dette anslaget usikkert.

Feieavgifta vert auka med 2,5 %. Dette arbeidet vert utført av Setesdal Brannvesen IKS, og avgiftene går til å dekke kostnadar til feiearbeidet og brannsyn.

Når det gjeld dei andre avgiftsområda viser ein til Gebyrregulativ for 2018.

4.1.2. Skatt på formue og inntekt

Kommunen sine inntekter i form av skatt på formue og inntekt har utvikla seg slik dei siste åra:

2009	27 508 000
2010	26 799 000
2011	24 589 000
2012	26 006 000
2013	26 937 000
2014	27 504 000
2015	27 336 000
2016	28 700 000
2017	26 394 000
2018	27 011 000

Skatteinngangen for 2018 er basert på prognose pr. oktober 2017. Prognosen er basert på skatteinngang 2017 (KS prognosemodell).

Selskapsskatten er teken ut med verknad frå 2009.

Naturressursskatten er teken ut med verknad frå 2017 på kr 3.400.000,- i denne tabellen. Samla tal for 2017 ville då vore på kr 29.794.000,- medrekna naturressursskatten for 2017 (samanliknbart tal med 2016).

Skatteinngangen i 2018:

For 2018 er det budsjettert med ein skatteinngang på kr. 27.011.000,-. Ein stor del av skatteinngangen (i underkant av 20 %) i kommunen kjem frå kraftverk. Denne skatten aukar ikkje så mykje som skatten elles, dette er ein av grunnane til at kommunen sin vekst er lågare enn landsgjennomsnittet. Men ved dagens ordning utløyser dette eit inntektsutjamningstilskot som vert overført i rammetilskotet.

Skatteanslaget for 2018:

Skatteanslaget viser ei auke frå 2017 utrekna etter dei siste opphavlege inntektsprognosane i budsjettet for 2017. Dette talet er alltid usikkert og er avhengig av både skatteinngangen i kommunen og heile landet.

Det kommunale skattøyre for 2018 er føreslegen til 11,80 %.

4.1.3. Eigedomsskatt

Når det gjeld utviklinga av eigedomsskatt i økonomiplanperioden er det fyrst og fremst to forhold ein må ta omsyn til:

- Endringar av regelverket.
- Endringar av skattegrunnlaget.

Kommunestyret vedtek at ein skal skrive ut eigedomsskatt for året 2018 jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 2. og vedtek kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2018 jf. esktl. § 10.

Jf. Esktl. **§ 3.** kan kommunestyret skrive ut eigedomsskatt på anten

a) faste eigedomar i heile kommunen, eller
b) faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller
c) berre på verk og bruk i heile kommunen, eller
d) berre på verk og bruk og annan næringseigedom i heile kommunen, eller
e) eigedom både under bokstav b og c, eller
f) eigedom både under bokstav b og d, eller
g) faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom.

For eigedomsskatteåret 2018 skal ein skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk jf. esktl. § 3 fyste ledd bokstav c.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2018 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.

Kommunestyret fastset at eigedomsskatten skal ytast i 2 -to- terminar per år jf. esktl §25

I 2010 og 2011 vart det gjennomført ei generell omtaksering i kommunen. I budsjettet for 2018 og ut økonomiplanperioden har ein lagt til grunn ein årleg samla eigedomsskatt på kr 8.395.000,- som er ei auke frå inngangen til 2017 på kr 7.768.000,-. Dette skuldast avdekka feil frå SFS i berekningsgrunnlaget for 2017.

Maksgrensa for fastsetjing av eigedomsskatt på kraftverk er auka frå 2,47 til 2,74 kr/ kWh med effekt frå 2013. Det er ikkje framlegg om ei ytterlegare heving for 2017. Kapitaliseringsrenta er føreslegen til å vere uendra på 4,5 % også i 2018.

Det er ikkje framlegg om å innføre generell eigedomsskatt på hus og hytter i økonomiplanperioden.

4.1.4. Statlege rammeoverføringar
Det statlege rammetilskotet for 2018 er fastsett på bakgrunn av framlegg frå Solberg-regjeringa. Tilskotet inneheld følgjande hovudkomponentar:

	2017	2018	Diff.
Innbyggjartilskot:	28 232 000	28 590 000	358 000
Utgiftsutjamning:	21 770 000	20 724 000	-1 046 000
Overgangsordningar - INGAR:	-122 000	730 000	852 000
Småkommunetilskot:	5 543 000	5 543 000	0
Særskilt fordeling:	453 000	485 000	32 000
Ordinært skjønn:	800 000	600 000	-200 000
Komp. nye folketal	0	0	0
Netto inntektsutjamning:	3 300 000	3 655 000	355 000
Bykletrekk			0
Selskapsskatt			0
Sum ramme tilskot:	59 976 000	60 327 000	351 000

Forventa rammetilskot vil nominelt bli auka med kr 351.000,- i høve anslaget for 2017.

Ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift vart innført att frå 2007. Arbeidsgjevaravgifta er på 10,6 % i 2018.

Kommunen får kr 600.000,- i skjønnsmidlar i 2018. Det er Fylkesmannen i Aust- Agder som fordelar desse midlane. Det er ein reduksjon på kr 200.000,- frå året før.

4.1.5. Frie inntekter
Frå og med 2000 vart det innført eit system med løypande inntektsutjamning. Tidlegare var det slik at kommunar som har lågare skattevekst enn landsgjennomsnittet fekk dette kompensert gjennom rammetilskotet to år etter. Motsett ville ein kommune med høgare vekst enn landsgjennomsnittet bli trekt for dette to år etter. Dagens system inneber at svingingar i skatteinngangen vert utjamna løypande gjennom heile året. Dette skjer gjennom det inntektsutjamnande tilskotet i rammetilskotet. For 2018 utgjer dette tilskotet kr 3.655.000,-.

I rammetilskotet ligg og et tilskot til særskild fordeling på kr 485.000,-. Dette er nettoeffekten av saker til særskilt fordeling. Det vil seie at kommunen blir trekt i rammetilskotet for endringar innan finansiering av ulike tenester som anten staten finansierer direkte eller som staten meiner kommunen ikkje lenger har utgifter på. Likeins blir rammetilskotet styrkt med midlar til saker som anten kommunen sjølv skal finansiere eller ekstra

tiltak som staten ynskjer å sette på dagsorden, utan at dei gir øyremerkte tilskot til dei ulike tiltaka. Tilskot til særskilt fordeling er å rekne som ein del av kommunen sine frie inntekter.

Frie inntekter – prognose for perioden 2018 – 2021:
Det som kanskje har mest å seie for kommunen si økonomiske utvikling i økonomiplanperioden er utviklinga i dei frie inntektene. Tabellen nedanfor viser ein prognose for dei neste fire åra. Denne bygger m.a. på følgjande føresetnader:

- Bygland kommune vil ha same skatteutvikling som landsgjennomsnittet.
- Dagens inntektssystem og oppgåvefordeling gjeld.
- Innbyggartalet i kommunen er konstant per 01.07.xx, etter KS prognosemodell.
- Skjønnsmidlane frå fylkesmannen er føresett oppretthaldne på dagens nivå (kr 800.000,-).

For økonomiplanperioden har ein følgjande prognose for årlege inntekt (tal i heile 1000 kr):

	2018	2019	2020	2021
Skatt på formue og inntekt:	-27 011	-27 309	-27 606	-27 904
Rammetilskudd:	-60 327	-60 174	-60 702	-60 945
Sum frie inntekter:	-87 338	-87 483	-88 308	-88 849

4.1.6. Andre statlege overføringar
I tillegg til rammetilskotet og dei øyremerkte tilskota, som er førte under resultateiningane i driftsbudsjettet, motteke kommunen enkelte andre tilskot som ikkje er øyremerkte.

Kompensasjonstilskot - pleie- og omsorgssektoren
I samband med eldresatsinga, som vart vedteken hausten 1997, er det innført eit kompensasjonstilskot til dekking av renter og avdrag i samband med investeringar innan pleie- og omsorgssektoren. Dette tilskotet, saman med oppstartstilskot, gjer at utbyggingar innan denne sektoren i prinsippet skal dekkast fullt ut av staten.

Det er lagt inn eit anslag for 2018 på kr 272.000,-

Rentekompensasjon – skulebygg
Dette er ei kompensasjonsordning som vart innført frå og med 2003. Bygland kommune fekk tildelt ei investeringsramme på kr 5.089.000,- som danna grunnlaget for tilskotet.

Det er lagt inn eit anslag for 2018 på kr 70.000,-.

Momskompensasjonsordninga
Det vart frå og med 1995 innført ei momskompensasjonsordning for å dempe konkurransevridinga mellom offentleg og privat produksjon innanfor visse bransjar, m.a. bygg og anlegg. Kompensasjonen vart inntektsført året etter at investeringa var gjennomført.

Med verknad frå 2004 vart denne ordninga utvida, slik at det vart innført ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift til m.a. kommunar. Den nye ordninga går ut på at kommunane får refundert all moms som er betalt til kjøp av varer og tenester, til ikkje- avgiftspliktig verksemd. Refusjonen skal utbetalast og inntektsførast same år som kjøp av varer og tenester skjer. Formålet med utvidinga er å etablere ei ordning som kan motverke konkurransevriding mellom privat og offentleg sektor.

Ifølgje lov om kompensasjon for meirverdiavgift skal kompensasjonsordninga finansierast av kommunane sjølve. Det vil seie at kommunane blir trekte i rammetilskotet tilsvarande beløp som ein forventar at kompensasjonskravet frå kommunane blir. Bygland vart trekt med kr 2.247.000,- i rammetilskotet for 2006. Dette trekket er rekna ut frå rekneskapsstatistikken for 2003 og 2004 Dette fører til at det er stor uvisse om trekket er rett, og om kommunen faktisk får tilsvarande kompensasjon av moms i 2018.

Frå 2014 vart ordninga endra slik at 100 % av momskompensasjon frå investeringsrekneskapen skal inntektsførast direkte i investeringsrekneskapen. Inntektsanslaget på kr 3.000.000,- i driftsbudsjettet, og kr 710.000,- i investeringsbudsjettet i 2018.

I driftsbudsjettet er følgjande kompensasjon utrekna (tal i heile 1000 kr):

2018	2019	2020	2021
3000	3000	3000	3000

Integreringstilskot – flyktningar
Kommunen får i ein 5- års periode ein fast sum for kvar flyktning som busett seg i kommunen. Kommunen har tidlegare satt av pengar til eit fond som skal dekke kostnadar knytt mot dette området etter at tilskota er redusert. Det blei i 2014 tilsett flyktningkonsulent i kommunen.

4.1.7. Konsesjonskraftinntekter

Den konsesjonskrafta Bygland kommune, som utbyggingskommune, har rett til å ta ut vert forvalta gjennom Konsesjonskraftfondet IKS.

For økonomiplanperioden har ein lagt til grunn følgjande årlege inntekt (tal i heile 1000 kr):

2018	2019	2020	2021
3 639	3 359	3 359	3 359

Det er grunn til å merke seg at inntektene utover i økonomiplanperioden er svært usikre jo lenger ut i perioden ein ser. Det er signal som tyder på at ein tidligare varsla negativ trend gjev større økonomiske utslag utover i økonomiplanen.

4.1.8. Inntekter frå Agder Energi A/S

Kommunen fekk i 2017 eit samla utbytte frå Agder Energi AS på kr 6.744.000,-. Dette er ut frå ein eigardel på 1,11 %. (Utbytte frå overskot i 2015 som vart utbetalt i 2017).

Det vart i 2015 vedteke at Agder Energi skulle behalde meir av overskotet i selskapet til framtidige investeringar. Som ein følgje av dette vert det vedteke ein ny utbyttemodell til eigarane.

Etter den gamle modellen skulle utbytte fordelast etter eit prinsipp om 100 % dekning av dei første 500 mill. + 60 % av overskytande.

Etter den nye modellen blir utbytte fordelt etter eit prinsipp om 100 % dekning av dei første 400 mill. + 60 % av overskytande. Det vil for Bygland kommune sin del seie at gitt same overskot i Agder Energi, vil kommunen få 444.000,- mindre utbetalt i utbytte.

Etter ei vurdering av opplysningane på eigarmøte har vi budsjettert med eit totalt utbytte på kr 744 mill. for 2017. Dette tilseier ei utbetaling i 2018 på kr 6.731.000,- etter den nye modellen.

Det er grunn til å merke seg at det er stor uvisse knytt til inntektsanslaget for perioden 2019- 21, som er basert på eit utbytte på kr 744 mill.

4.1.9. Naturressursskatt

Naturressursskatten er skilt ut frå dei ordinære skatteinntektene og ligg som ein eiga inntekt under linje 4 i skjema 1A. Denne er estimert til kr 3.400.000,-

4.2. Kommunen sine driftsutgifter.

Nedanfor har ein sett opp den enkelte resultateining sin netto del av totalramma, (tal i heile 1000 kr):

	2018	%	2019	%	2020	%	2021	%
Politisk styring	1830	1,8	1930	1,9	1830	1,8	1930	1,9
Sentral adm. og fellesutgifter	12827	12,4	12827	12,4	12827	12,4	12827	12,4
Kultur	1488	1,4	1338	1,3	1338	1,3	1338	1,3
Bygland oppvekstsenter	16901	16,4	16901	16,4	16901	16,4	16901	16,3
Byglandsfjord oppvekstsenter	10835	10,5	10835	10,5	10835	10,5	10835	10,5
Helse	8471	8,2	8471	8,2	8471	8,2	8471	8,2
NAV	236	0,2	1120	1,1	1280	1,2	1280	1,2
Pleie og omsorg	31857	30,9	31857	30,8	31857	30,8	31857	30,8
Drift og forvaltning ekskl. VARF	12328	12,0	12328	11,9	12328	11,9	12328	11,9
Drift og forvaltning- VARF	927	0,9	927	0,9	927	0,9	927	0,9
Større prosjekter	700	0,7	0	0,0	0	0,0	0	0,0
Eksterne samarbeid	11995	11,6	11995	11,6	11995	11,6	11995	11,6
Andre sentrale inntekter og kostnadar	-7249	-7,0	-7249	-7,0	-7249	-7,0	-7249	-7,0
Sum driftsutgifter	**103146**	**100,0**	**102280**	**100,0**	**103340**	**100,0**	**103340**	**100,0**

4.2.1. Løns- og prisvekst

Regjeringa legg til grunn ein gjennomsnittleg prisauke og kostnadsauke frå 2017 til 2018 på 2,6 %. Årslønnsveksten i 2018 er sett til 3 %.

På lønspostane har ein lagt inn alle auka utgifter som er kjent per i dag. For å dekke lønsauke i løpet av 2018 er det lagt inn ein reserve på kr 1.700.000,-. Dersom denne ramma vert for lita, må det resterande dekkast inn av resultateiningane. Dette er basert på ein lønsauke på 3 % der overhenget for kapittel 4 er budsjettert på einiga. Derfor trekker ein ut overhenget på ca. 1,6 %. Avsetninga er baset på ca. 1,4 % av samla lønskostnadar.

4.2.2. Pensjonsutgifter

Kommunesektoren har dei siste åra opplevd ein formidabel auke i pensjonsutgiftene. Frå og med rekneskapsåret 2003 kom det nye reglar for føring av pensjon. Desse reglane skal føre til at pensjonsbelastninga kan fordelast over fleire år, slik at kommunen sine utgifter til dette vert meir stabile. I samband med dette vedtok kommunestyret å fordele desse utgiftene på 15 år. Med verknad frå 2011 vert desse fordelt over 10 år. Frå og med 2015 skal premieavviket fordelast over 7 år. Dette aukar amortiseringskostnadane for tidlegare inntektsført premieavvik. Det er estimert eit høgt premieavvik også i 2018. Sett mot amortiseringskostnadane, vert det positivt netto i 2018.

4.2.3. Rente- og avdragsbelastning

Kommunen si netto lånegjeld pr. 01.01.2018. er berekna til kr 131.726.000,-, der startlån utgjer kr 10.760.000,-. Renteeksponert gjeld utgjer ca. kr 91.048.000,- av det totale gjeldsbilete.

Kommunen si lånegjeld har auka over dei siste åra. Tabellen viser netto lånegjeld pr. innbyggar og langsiktig gjeld i % av driftsinntektene (KOSTRA tal 2016) :

Kostra rekneskapstal KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune	Bygland 2016	Iveland 2016	Valle 2016	KG06 2016
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	234,5	164,4	234,1	223,5
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	91 949	48 218	104 715	83 466

Netto lånegjeld pr. innbyggar er eksklusive skuldig pensjonsforpliktelse. Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter er inkludert opparbeida skuldig pensjonsforpliktelse for kommunen.

Med verknad frå 2013 er det framlegg om å redusere avdraga til minimumsavdrag jamfør Kommunelova § 50 nr. 7. Kommunen sine avdragsutgifter i 2018 er budsjettert til kr 4.650.000,-. Det er budsjettert med 1,75 % rente i resten av økonomiplanperioden. Det er budsjettert med kr 2.400.000,- i renteutgifter for 2018.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til følgjande driftsutgifter:

	2018	2019	2020	2021
Renteutgifter – alle lån:	2 400 000	2 400 000	2 400 000	2 400 000
Avdragsutgifter - ordinære lån:	4 650 000	4 650 000	4 650 000	4 650 000
SUM:	7 188 000	7 227 000	7 250 000	7 335 000

Det er lagt opp til ordinært finansieringsbehov via lånemidlar til investering på 2,51 mill. i 2018. Investeringane blir finansierte med eventuelle unytta lånemidlar frå 2017 kombinert med nytt låneopptak. Ein del av prosjekta er ei vidareføring frå 2017 og låna er teke opp i 2017 for å finansiere desse. Det vil korrigere årets låneopptak og ein kjem tilbake til spesifikt låneopptak for 2018 til 1 tertialrapport 2018. Til startlån er det ikkje budsjettert med låneopptak for 2018 og ut økonomiplanen. Etter omlegging i forskrifta frå Husbanken vert det gjeve mindre startlån, og kommunen har store unytta midlar til startlån. Ein ser låneopptak utover økonomiplanen i samanheng med desse midlane. Utgifter til renter og avdrag på kr 7.227.000,- er lagt inn i budsjettet.

I økonomiplanen er budsjettet balansert ved avsetting av mindreforbruk til disposisjonsfond.

4.2.4. Finansiering av investeringar
Finansieringa av investeringar i 2018 vert dekka av ubrukte lånemidlar frå 2017 kombinert med nytt låneopptak i 2018.

4.2.5. Ubundne investeringsfond
Kommunen har i dag kr 1.781.000,- i ubundne investeringsfond. Dette fondet vert nytta til dei kostnadane i investering som ikkje kan lånefinansierast.

4.2.6. Konsesjonsavgifter og næringsfond
Kommunen har årlege konsesjonsavgifter på om lag kr 2.900.000,- i året. 01.01.2017 var det innestående kr 3.319.000,- på næringsfondet.
Ut over dette har kommunen Byglandsfjordfondet på kr 15.250.000,- der ein ikkje kan nytte grunnkapitalen. Det er i 2018 budsjettert med bruk av avkastninga av fondet på inntil kr 800.000,-.

Status i Byglandsfjordfondet:

Estimera saldo pr. 1.1.18	18 425 000
Grunnkapital	-15 250 000
Disponibel kapital	**3 175 000**

Dette er estimert saldo, inkludert forventa renteauke for 2017. Det er i 2018 budsjettert med ei renteavkastning på kr 400.000,- som vert ført til disponibel saldo ved slutten av året.

Næringsfond 2018

Bruk næringsfond 2018	
Tilskott til Setesdal Regionråd	1 300 000
Tilskott til reiseliv	60 000
Tilskott til Norsk Landbruksrådgiving Setesdal	25 000
Tilskott til Bygland Sikringsradiolag (avtale om drifting)	5 000
Landbrukstilskott medrekna kjøp av mjølkekvotar	600 000
Utvikling Prestneset - Næring/bolig	300 000
Næringstilskudd	200 000
Fiberprosjekt	300 000
Reguleringsplan Ose	200 000
Annen kommunal planlegging	200 000
Næringsutvikling - (Andel lønn)	200 000
Sum:	3 390 000
Estimert bruk av Bfjord fondet	800 000

Kommunen sin økonomisjef har frå 2014 også fungert som næringssjef i kommunen. Han har arbeidd med næringsutvikling saman med ordførar og rådmann som har utgjort kommunen sitt næringsapparat. Dette arbeidet vert vidareført til andre på same avdeling ved bytte av økonomisjef. Det er budsjettert med kr 200.000,- i 2018 som del av lønn til næringsarbeidar. I tillegg er det sett av kr 200 000,- til administrative næringstilskot for 2018.

Det ligg inne kr 300.000,- til utbygging av fiber i Bygland kommune.

Tilskotet til landbruket, medrekna mjølkekvotar, er auka frå kr 200.000,- til kr 600.000,- i perioden 2017 til 2020 på grunn av stor investeringsvilje i jordbruket. Det er eigne retningsliner for tildeling av dette tilskottet.

Reguleringsplanarbeidet på Ose ligg inne med kr 200.000,-. Arbeidet skulle koordinerast med andre eksterne partar og ein er komen i gang med prosjektet i 2017, det er ei stor forventning om at dette arbeidet vert ferdig i 2018. Det har vert jobba med framskunding av ny bru på Ose. Aust-Agder fylkeskommune har lagt inn ny bru på Ose i sin investeringsplan. Prosjektet er ikkje fullfinansiert og kommunen vil bli utfordra om å gå inn i prosjektet med ein kommunal eigenandel. Dette vil ein kome tilbake til på eit seinare tidspunkt.

Ras og flaumsikringsprosjekt er lagt inn som eit infrastrukturprosjekt med kr 200.000,- saman med ei vidare utvikling av prosjektet på Prestneset med kr 300.000,-

Det er budsjettert med å nytte 0,8 mill. av avkastninga på Byglandsfjordfondet. Dette går til reduksjon av bruken av det ordinære næringsfondet og ligg inne i den totale bruken. Rådmannen vert gjeven fullmakt til å fordele kostnadar mellom det ordinære næringsfondet og avkastninga frå Byglandsfjordfondet.

Det er semje mellom alle deltakarkommunane i Setesdal Regionråd. Storleiken på det kommunale tilskotet vert vidareført med kr 1,3 mill.

4.2.7. Disposisjonsfond – drift

Kommunen hadde per 01.01.2017 kr 12.045.000,- på disposisjonsfond. Det var i 2017 budsjettert med fondsbruk på 3,988 mill. til drifta i 2017. Desse midlane var lagt inn for å få eit budsjett i balanse. Gjennom året vart den budsjettera fondsbruken korrigera til ca. 1 mill.

Mindreforbruket for 2016-rekneskapen vart i hovudsak avsett til ulike disposisjonsfond. Det vart oppretta eit premiefond til å handtere den aukande amortiseringa av premieavvik på 5 mill. Resten av mindreforbruket vart sett inn på disposisjonsfondet. Dette gir ei auke av disposisjonsfondet på kr 2,012 mill. Estimert status på disposisjonsfondet vil då vere kr 13 mill. pr. 31.12.17 etter at bruk for 2017 er trekt i frå. I tillegg kjem Bygdebokfondet på 4 mill., DFV-fondet på 1 mill., Rentefondet på 1 mill., Premiefond pensjon på 5 mill. og to fond knytt opp mot flyktningane og Bygland oppvekstsenter på ca. 9 mill.

4.2.8. Budsjettskjema 1A Driftsbudsjett

I økonomiplanen er utviklinga som følgjer (i 1000 kr):

Budsjettskjema 1A - driftsbudsjettet Bygland kommune						
		Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
1	Skatt på inntekt og formue	-26 394	-27 011	-27 309	-27 606	-27 904
2	Ordinært rammetilskot	-59 975	-60 327	-60 174	-60 702	-60 945
3	Skatt på eigedom	-7 768	-8 395	-8 395	-8 395	-8 395
4	Andre direkte eller indirekte skatter(konsavg.)	-6 150	-6 300	-6 300	-6 300	-6 300
5	Andre generelle statstilskot	-388	-342	-331	-320	-309
6	**Sum frie disponible inntekter**	**-100 675**	**-102 375**	**-102 509**	**-103 323**	**-103 853**
7	Renteinntekter og utbytte	-7 744	-7 731	-7 731	-7 731	-7 731
8	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	2 538	2 400	2 400	2 400	2 400
9	Avdrag på lån	4 650	4 650	4 650	4 650	4 650
10	**Netto finansinntekter**	**-556**	**-681**	**-681**	**-681**	**-681**
11	Til dekning av tidlegare års rekneskapsm. meirforbruk	-	-	-	-	-
12	Til ubundne avsettingar					
13	Til bundne avsettingar	3 150	3 300	3 300	3 300	3 300
14	Bruk av tidlegare års rekneskapsm. mindreforbruk	-	-	-	-	-
15	Bruk av ubundne avsettingar	-3 988	-1 100	-1 000	-1 000	-1 000
16	Bruk av bundne avsettingar	-3 505	-3 390	-3 390	-3 390	-3 390
17	**Netto avsetting**	**-4 343**	**-1 190**	**-1 090**	**-1 090**	**-1 090**
18	Overført til investeringsrekneskapet					
19	**Til fordelt drift**	**-105 574**	**-104 246**	**-104 280**	**-105 094**	**-105 624**
20	**Sum fordelt til drift (frå skjema 1 B)**	**105 574**	**104 246**	**104 280**	**104 340**	**104 440**
21	**Meirforbruk/mindreforbruk = 0**	**-**	**-**	**-**	**-754**	**-1 184**

Kommentarar:
2017-budsjettet som ligg inne i oversikten over, er opphaveleg budsjett som vart endra gjennom året 2017. For 2018 er inntekta auka. Dette er ei nominell auke sett mot 2017 tal. Om ein korrigerer for deflatorvekst, har kommunen samla sett redusert driftskostnadane frå 2017 til 2018. Inntektssida ligg litt under deflatorvekst. Vi har hatt ein vekst i skatt- og rammetilskot som er lågare enn pris- og lønsauka i kommunen.

Denne auken utgjer ca. kr 1.500.000,- i forventa pris- og lønsauke som ikkje er kompensert gjennom dei statlege tilskota. Den ordinære drifta i 2018 er lagt opp med eit 0-resultat. Ut over i økonomiplanen ligg det ann til eit mindreforbruk i drifta frå 2020 og utover. Gjer merksam på at dette er eit høgst usikker anslag.

5. Investeringsbudsjettet.

5.1. Hovudoversikt Investeringar.

Kommunen sitt investeringsbudsjett for år 2018 balanserer med inntekter og utgifter på kr. 12.200.000,-.

Investeringsbudsjettets hovudoversikt inneheld følgjande *(Tal i 1000)*:

	Budsjettskjema 2A - investeringsbudsjettet Bygland kommune	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
1	Investeringar i anleggsmidlar	10 520	19 530	18 849
2	Utlån og forskuteringar	300		284
3	Kjøp av aksjer og andeler	580		453
4	Avdrag på lån	800	800	471
5	Dekning av tiligere års udekket	-		
6	Avsettingar	-		159
7	**Årets finansieringsbehov**	**12 200**	**20 330**	**20 216**
8	**Finansiert slik:**			
9	Bruk av lånemidlar	2 810	14 364	15 614
10	Inntekter frå sal av anleggsmidlar	300	500	305
11	Tilskot til investeringar	7 000	1 800	
12	Kompensasjon for merverdiavgift	710	2 866	3 519
13	Motteke avdrag på utlån og refusjonar	800	800	548
14	Andre inntekter	-		-
15	**Sum ekstern finansiering**	**11 620**	**20 330**	**19 986**
16	Overført frå driftsbudsjettet	-		-
17	Bruk av tildlgere års udisponert	-		
18	Bruk av avsettingar	580		230
19	**Sum finansiering**	**12 200**	**20 330**	**20 216**
20	**Udekka/udisponert = 0**	-	-	-

5.2. Investeringar i anleggsmidlar for budsjettet 2018.

Kommunen sitt investeringsbudsjett for år 2018 balanserer med inntekter og utgifter på kr. 12.200.000,-. Av dette utgjer investeringar i anleggsmidlar kr 10.520.000,-

Investeringsbudsjettet over anleggsmidlar inneheld følgjande investeringar *(Tal i 1000)*:

Prosjektnr	Investeringar:	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
804	Kartverk/ Geovekstprosjektet	250	250	
817	Kjøp av tomteareal	500	200	143
559	Kloakkrenseanlegg Bygland	500	400	71
828	Nærmiljøanlegg IFK plan - kommunal eigenandel (tippemiddel basert)	150	300	
560	Renseanlegg Austadneset	2 800	2 800	
873	Innkjøp av ny traktor	800		
563	Rehabilitering av kloakkrense/-pumpestasjoner i kommunen	2 000		
564	Forlenging hovedvassledning - Reiårsfossen Camping	250		
869	Ombygging av gymsal til aula - Bygland - Må mogleg i drift	800	500	
874	Styring SD anlegg Årdalshallen	150		
557	Overvakingssystem på kloakkpumpestasjonar/vassverk	240		
875	Brannsikring trehusbebyggelse Ose Sentrum	300		
601	Uteareal Bygland oppvekstsenter	1 000		
603	Prosjektering Lys-/turløype Byglandsfjord	200		
876	Oppgradering og inventar kommunehuset	150		
806	Bustadområde Austad	430	688	222
1046	Aksjekjøp kommunale selskaper 2017		2 202	
1049	Byglandsfjord legekontor - Innredning 2017		788	
561	Detaljprosjekt VA - Stigemo		100	
562	Overløpsledning Grendi		356	
555	Tilbakeslagsventilar VAR - Kloakkrensing		60	
556	Tilbakeslagsventilar VAR - Vassverksdrift		60	
860	Flyktningbustad, 2-mannsbustad		2 234	2 306
864	Solavskjermingsprosjekt - Byglandsheimen		100	320
870	Solavskjermingsprosjekt - Bfjord oppvekstsenter		200	35
872	SD Prosjekt Byglandsfjord Oppvekstsenter		187	
871	Klima og ventilasjonsanlegg Byglandsfjord oppvekstsenter		500	
855	Prosjekt Idrettshall		392	13 286
866	Ambulansestasjon Bygland		2 500	169
867	Ambulansestasjon Bygland - Garasje til heimesjukepleien		1 200	55
868	SD Prosjekt Bygland oppvekstsenter			296
805	Bustadområde Grendi			12
554	Vatn til og avlaup frå Neset og Grendi - Anleggskostnad			315
843	Høgdebasseng Ose			219
846	PU-prosjekt Nybygg Sagmoen			64
856	Mudring og muring Bjorenhuset			245
859	Kaldlager Nesmoen			183
861	Innkjøp Stilashenger			129
862	Innkjøp Snøfres			117
863	Innkjøp Traktorhenger			139
865	Renovering Heis Byglandsheimen			534
	Sum investeringar	**10 520**	**16 017**	**18 860**

Kort kommentar til dei einskilde tiltak for 2018:

Kartverk- Geovekstprosjektet
Årleg hending for å ha ajourført kartverk. Prosjektsamarbeid med Statens kartverk der ein samhandlar om kva område som t. d. skal flyfotograferast og digitaliserast. Dette vert nytta i ein samarbeidsavtale mellom alle kommunar og Statens kartverk, om oppgradering og tilrettelegging av kartdata for offentlig og almen bruk .

Kjøp av tomteareal
Kommunen har mange festetomter frå Opplysningsvesenets fond. Det er eit mål å kjøpe fleire av desse. Når festeavtalane opnar for indeksregulering, er erfaringane at dei årlege festeavgiftene blir justerte opp for mykje. Ved visse intervall kan det forhandlast om frikjøp. Avsetninga gjev ein handlefridom. Dette gjeld også i andre saker der det kan vere føremålstenleg for kommunen å kjøpe areal til ulike føremål t.d. tomt til reinseanlegg og frikjøp av andre festetomter.

Kloakkreinseanlegg på Bygland
Dette er ei oppfylging av forprosjekt i 2016. Eit reinseanlegg for Byglandsbygda har vore i planane til kommunen over fleire år. Med utvikling av bygda, er det også behov for tilfredsstillande behandling av kloakk. Forprosjekt er ferdig og igangsetting av det fysiske arbeidet må førebuast med tanke på anbod, tekniske løysingar m v.

IFK- plan
Det er sett av kr 150.000,- til kommunal eigenandel i samband med gjennomføring av prioriterte tiltak i IFK-planen. IFK-planen vert handsama i kommunestyret som eiga sak.

Kloakkreinseanlegg for Austad
Dette er ei oppfylging av forprosjekt i 2016 og prosjektering i 2017. Auka aktivitet på Austad industriområde og utvikling av bustadområde krev tilfredsstillande handtering av kloakk. Dagens anlegg er gamalt og vil ha utfordringar med å handtere utviklinga for området. Det ligg inne midlar til prosjekteringskostnader og til sjølve hovudprosjektet.

Innkjøp av traktor med kantklypparaggregat
I gjeldande økonomiplan, var ny traktor planlagt kjøpt i 2019. Bruken av dagens traktor, som var kjøpt inn i 2010, ber preg av alderen og er for liten for det utstyret den skal brukast saman med. Med tanke på motorkraft, driftssikkerheit og behov, så føreslår ein å framskunde denne investeringa til 2018

Reinvestering i kloakkpumpestasjonane
Bygland kommune har 6 stasjonar. Dei er moden for oppgraderingar utifrå alder. Miljøet i desse er også hardt for dei tekniske og mekaniske løysingane. Arbeidsmiljø messig er dei også utdaterte. Flaumen hausten 2017 medførte også eit større havari på Bygland som forsterkar behovet for rehabilitering. Ein ser føre at ein ser rehabiliteringa over ein periode på 4 år.

Forlenging av vassleidning på Reiårsfossen camping
Utviklinga her kan generere forlenging av eksisterande leidning kommunen allereie har i området.

Ombygging av gymsal til aula på Bygland skule
For å nytte den gamle gymsalen på skulen i Bygland til aula, var det eit politisk ynskje om å legge inn kostnadar til prosjektet i 2017. Dette er eit prosjekt som må avklårast nærare for å kunne vurdere om det er eit investeringsprosjekt, eller om kostnadane må via driftsbudsjettet/splittast mellom drift og investering. Ein har vald å leggje det inn som eit investeringsprosjekt for 2018, for å kome tilbake til finansiering når prosjektet er meir avklåra. Ein fekk ikkje byrja på dette prosjektet i 2017.

SD styring Årdalshallen
Tilsvarande er utført på skulen / barnehagen og på Bygland skule. SD – styringa (Sentral driftsovervaking) vil optimalisere drifta av klima – og ventilasjonssystema og redusere driftskostnadane over tid samt at inne miljøet blir endå betre.

Overvakingssystem på kloakkpumpestasjonar / vassverk
Dette blir sett i samanheng med prosjektet om reinvestering i kloakkpumpestasjonane.

Brannsikring trebygg Ose sentrum
Setesdal brannvesen IKS har bede Bygland kommune utarbeide ein ROS – analyse for Ose sentrum som kan dokumenter organisatoriske og / eller teknisk kompenserande tiltak i tilfelle brann. Dette med oppfylling av Lov om vern mot brann, eksplosjon m v samt tilhøyrande føresegner.

Uteareal på oppvekstsentra med Bygland skule i 2018
I samband med bygging av Bygland idrettshall vart mykje av uteareala på oppvekstsenteret fjerna. Gjennom 2017 har det blitt utarbeidd skisser og konkrete forslag til tiltak. Ein ser føre at oppgraderinga må skje over fleire år. Byglandsfjord oppvekstsenter vert prioritert i 2019.

Ljos-, turløype på Byglandsfjord
Denne ligg inne i IFK planen på prioritert liste. Ein ynskjer å take tak i dette tiltaket og legg opp til prosjektstart i 2018.

Oppgradering og inventar kommunehuset
Det er naudsynt med enklare oppgraderingar av kommunehuset. Kommunen har med anna fått ansvaret for å vigsle folk, og kommunen treng eit rom til dette føremålet.

Bustadområde Austad
Sal av bustadtomt i det kommunale bustadfeltet på Austad krev at kommunen fullfører dei infrastrukturelle tiltaka som ligg i reguleringsplanen. Grunna konkurs på utførande entreprenør så stoppa dette tiltaket noko opp i 2017, og ein ser føre at tiltaket blir sluttført i 2018.

Finansiering av investeringar 2018
(Tal i 1000)

	Fra skjema 2A	**Budsjett 2018**	**Budsjett 2017**	**Regnskap 2016**
950	Utlån Startlån	300	300	284
950	Avdrag Startlån til Husbanken	800	800	471
951	Eigenkapitaltilskot KLP	580	505	453
	Dekning av tidligere års udekket merforbruk			
952	Avsetninger			159
	Sum investeringar	**1 680**	**1 605**	**1 367**
Totalt finansieringsbehov		**12 200**	**17 622**	**20 227**
Prosjektnr	**Finansiering:**	**2018**	**2017**	**2016**
950	Bruk av Startlån	-300	-300	-284
950	Avdrag Startlån frå lånetakarane	-800	-800	-547
951	Tidlegare avsetningar	-580	-505	-230
952	Låneopptak/Ubrukte lånemidler	-2510	-11 182	-15 330
811	Tomtesal	-300		-317
	Bustadsal			
	Tilkoblingsavgifter/ refusjonar			
860	Statstilskot bustader	-7000	-1 800	
952	Bruk av fond/avsetninger	0	-2 202	
Alle	MVA komp. i investering	-710	-833	-3 519
	Overføring frå/til driftsbudsjettet			
	Sum finansiering	**-12 200**	**-17 622**	**-20 227**

Ein tek høgde for at MVA-kompensasjonen er eit anslag. Ein vil kome tilbake til konkret lånebehov til investeringar i 2018, når investeringsrekneskapen for 2017 er avslutta. Ein visar og til at kostnadane på dei prosjekta som er vidareførte frå 2017 er eit anslag, då ein på budsjetteringstidspunktet framleis arbeider med fleire av prosjekta.

5.3. Investeringar i økonomiplanperioden

(Tal i 1000)

	Budsjettskjema 2A - investeringsbudsjettet Bygland kommune - Økonomiplan	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2018-2021
1	Investeringar i anleggsmidlar	10 520	26 290	5 620	1 400	43 830
2	Utlån og forskuteringar	300	300	300	-	900
3	Kjøp av aksjer og andeler	580	600	620	640	2 440
4	Avdrag på lån	800	800	800	-	2 400
5	Dekning av tiligere års udekket					
6	Avsettingar	-	-	-	-	-
7	**Årets finansieringsbehov**	**12 200**	**27 990**	**7 340**	**2 040**	**49 570**
8	**Finansiert slik:**					
9	Bruk av lånemidlar	2 810	25 800	5 320	1 400	35 330
10	Inntekter frå sal av anleggsmidlar	300	300	300	-	900
11	Tilskot til investeringar	7 000	-	-	-	7 000
12	Kompensasjon for merverdiavgift	710	490	300	-	1 500
13	Motteke avdrag på utlån og refusjonar	800	800	800	-	2 400
14	Andre inntekter	-	-	-		-
15	**Sum ekstern finansiering**	**11 620**	**27 390**	**6 720**	**1 400**	**47 130**
16	Overført frå driftsbudsjettet	-				-
17	Bruk av tildlgere års udisponert					-
18	Bruk av avsettingar	580	600	620	640	2 440
19	**Sum finansiering**	**12 200**	**27 990**	**7 340**	**2 040**	**49 570**
20	**Udekka/udisponert = 0**	-	-	-	-	-

Skjema 2B - Økonomiplan						
Prosjektnr	**Investeringar:**	**2018**	**2019**	**2020**	**2021**	**SUM**
804	Kartverk/ Geovekstprosjektet	250	250	250	250	1 000
817	Kjøp av tomteareal	500	0	0	0	500
000	Innkjøp av selvgående lift	0	300	0	0	300
559	Kloakkrenseanlegg Bygland	500	22000	0	0	22 500
841	Detaljprosjektering av VVA Landeskogen	0	430	0	0	430
828	Nærmiljøanlegg IFK plan - kommunal eigenandel (tippemiddel basert)	150	150	150	150	600
841	Vatn til og avlaup frå Landeskogen	0	0	2720	0	2 720
841	Opprusting av veg til Landeskogen	0	0	1500	0	1 500
560	Renseanlegg Austadneset	2800	0	0	0	2 800
000	Tilbygg kontorlokale Nesmoen	0	200	0	0	200
000	Forprosjekt Saneringsplan og VA prosjekt - Prestlia	0	160	0	0	160
000	Innkjøp av minigraver	0	400	0	0	400
873	Innkjøp av ny traktor	800	0	0	0	800
563	Rehabilitering av kloakkrense/-pumpestasjoner i kommunen	2000	1000	1000	1000	5 000
564	Forlenging hovedvassledning - Reiårsfossen Camping	250	0	0	0	250
869	Ombygging av gymsal til aula - Bygland - Må mogleg i drift	800	0	0	0	800
874	Styring SD anlegg Årdalshallen	150	0	0	0	150
557	Overvakingssystem på kloakkpumpestasjonar/vassverk	240	0	0	0	240
000	Rehabilitering av stasjonsområde Byglandsfjord	0	300	0	0	300
000	Bruksendring gml. Heradshuset	0	100	0	0	100
875	Brannsikring trehusbebyggelse Ose Sentrum	300	0	0	0	300
601	Uteareal Bygland oppvekstsenter	1000	0	0	0	1 000
602	Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter	0	1000	0	0	1 000
603	Prosjektering Lys-/turløype	200	0	0	0	200
876	Oppgradering og inventar kommunehuset	150	0	0	0	150
806	Bustadområde Austad	430	0	0	0	430
	Sum investeringar	**10 520**	**26 290**	**5 620**	**1 400**	**43 830**

Kommentar til dei einskilde tiltak for økonomiplanperioden 2019-2021 :

Kartverk/Geovekstprosjekt
Det er lagt inn årleg kostnad på kr 250.000,- til digitalisering av kartverk utover i perioden. Dette er eit nasjonalt samarbeidsprosjekt med Statens kartverk som pådrivar, som sikrar framtidige kartdata forankra i gjeldande regelverk for kartopplysningar.

Innkjøp av sjølvgåande lift
For arbeid i høgda er det vurdert som rasjonelt og kostnadsreduserande å gjere denne investeringa. I samband med vedlikehald og anna arbeid har ein ofte behov for å enkelt kunne komme til i høgda og vere bevegeleg. Dette er og i tråd med gjeldande HMS krav.

Kloakkreinseanlegg på Bygland
Dette er ei oppfylging av detaljprosjekt i 2018. Eit reinseanlegg for Byglandsbygda har vore i planane til kommunen over fleire år. Med utvikling av bygda, så er det også behov for tilfredsstillande behandling av kloakk. Dette er for å møte framtidige krav til avlaupstilhøva på Bygland. Det er satt av 22 mill. til dette prosjektet i 2019.

Detaljprosjektering av Veg, Vatn og Avlaup (VVA) – Landeskogen
Dette er eit prosjekt som har ligge inne i økonomiplanen for 2017, men ein ser eit behov for å prioritere innanfor prosjekta i høve personell og kapasitet. Derfor er det føreslege å skyve dette prosjektet ut over økonomiplanen for å få betre tid. Det er køyrt eit forprosjekt i 2016.

IFK- plan
Det er årleg sett av kr 150.000,- til kommunal eigenandel i samband med gjennomføring av prioriterte tiltak i IFK-planen. Andre prioritera tiltak frå IFK planen ligg inne med direkte finansiering gjennom investeringsplanen.

Landeskogen – Bygging av nytt avlaupssystem og vassforsyning
Det er sett av kr 2.720.000,- til bygging av nytt avlaupssystem og vassforsyning til Landeskogen. Ein må sjå dette i samanheng med opprusting av veg til Landeskogen. Det er rasjonelt å leggje røyr samstundes som ein bygger veg. Forprosjekt er ferdig og ein føreslår at dette vert følgt opp etter at detaljprosjektet er ferdig.

Landeskogen – opprusting av veg
Det er sett av kr 1.500.000,- til opprusting av vegen til Landeskogen. Sjå punkt ovaføre.

Kontorlokale Nesmoen
Det er sett av kr 200.000,- til bygging av kontorlokale for uteseksjonen på Nesmoen. Dette er eit tilbygg til dagens driftsbygning der det er verkstad med eit pauserom, som i dag blir nytta som kontor.

Forprosjekt «Saneringsplan og VA – prosjekt – Prestelidi»
VA – nettet i området er gamalt og etter dagens standard på grensa til å vere underdimensjonert med dagens nedbør og grøftesystem. Særleg med tanke på leidningsnettet til overflatevatnet ser ein byrjande utfordringar. Nasjonalt er det sett større fokus på den aukande flaum – og rasfaren større nedbørsmengder utløyser.

Innkjøp av ny minigravar
Kommunen sin minigravar som vert nytta til m.a. gravferdstenesta blei kjøpt brukt på 1990 – talet ei gong. Dette er ei god maskin, men alderen tilseier at her bør vere ein tidshorisont på kva tid den bør bli bytta ut.

Reinvestering i kloakkpumpestasjonane
Bygland kommune har 6 stasjonar. Dei er moden for oppgraderingar utifrå alder. Miljøet i desse er også hardt for dei tekniske og mekaniske løysingane. Arbeidsmiljø messig er dei også utdaterte. Flaumen hausten 2017 medførte også eit større havari på Bygland som forsterkar behovet for rehabilitering. Ein ser føre at ein ser rehabiliteringa over ein periode på 4 år.

Rehabilitering av stasjonsområdet på Byglandsfjord
Stasjonsområdet på Byglandsfjord har eit behov for rehabilitering. Der er sett av midlar til eit forprosjekt som skal kartleggje behovet nærare.

Bruksendring gamle Heradshuset
Bruksendring krev tilpassing. Dagens bruk er ikkje i samsvar med SAK 10 (Byggesaksforskriften). Ein legg inn kostnadar til eit prosjekt for å finne ut kva bygget kan nyttast til og kva som må gjerast for at bygget skal tilfredsstille tekniske krav til mogleg bruk.

Kommentar
Ein gjer merksam på at budsjettet er eit kostnadsoverslag. Eksakt kostnad får ein først når prosjekta har vore ute på anbod.

5.4. Utlån

Etter innskjerpa tildelingsreglar frå Husbanken, gjeldande frå 01.04.2014, er talet på søknadar om startlån merkbart redusert. Vi har derfor betydelege unytta midlar til startlån ståande. Ein føreslår å ikkje ta opp nye startlån før ein har redusert dei unytta midlane. Ved behandling av startlån i Bygland kommune vert forskrifta frå Husbanken lagt til grunn (FOR-2014-03-12-273).

5.5. Finansiering av investeringsbudsjettet

Investeringsbudsjettet er finansiert på følgjande måte *(Tal i 1000):*

	Fra skjema 2A	**2018**	**2019**	**2020**	**2021**	**SUM**
950	Utlån Startlån	300	300	300	0	900
950	Avdrag Startlån til Husbanken	800	800	800	0	2 400
951	Eigenkapitaltilskot KLP	580	600	620	640	2 440
952	Avsetninger	0	0	0	0	0
	Sum investeringar	**1 680**	**1 700**	**1 720**	**640**	**5 740**
Totalt finansieringsbehov		**12 200**	**27 990**	**7 340**	**2 040**	**5 740**
Prosjektnr	**Finansiering:**	**2018**	**2019**	**2020**	**2021**	**SUM**
950	Bruk av Startlån	-300	-300	-300	0	-900
950	Avdrag Startlån frå lånetakarane	-800	-800	-800	0	-2 400
951	Tidlegare avsetningar	-580	-600	-620	-640	-2 440
952	Låneopptak/Ubrukte lånemidler	-2510	-25500	-5020	-1400	-34 430
811	Tomtesal	-300	-300	-300	0	-900
0	Bustadsal	0	0	0	0	0
0	Tilkoblingsavgifter/ refusjonar	0	0	0	0	0
860	Statstilskot bustader	-7000	0	0	0	-7 000
952	Bruk av fond/avsetninger	0	0	0	0	0
Alle	MVA komp. i investering	-710	-490	-300	0	-1 500
0	Overføring frå/til driftsbudsjettet	0	0	0	0	0
	Sum finansiering	**-12 200**	**-27 990**	**-7 340**	**-2 040**	**-49 570**

Lånegjelda på ordinære lån vil auke i 2019, andre år vert det lagt opp til låneopptak lågare eller på nivå med innbetala avdrag. Ein vil nytte ubrukte lånemidlar att frå tidligare år før ein tek opp nye lån.

Det ligg inne ein refusjon på statstilskot bustadar i 2018. Dette er refusjon av spelemidlar knytt opp mot bygging av idrettshall på Bygland.

Inntektene frå tomtesal er budsjetterte med kr 300.000,- i 2017 og ut perioden. Sal av tomter i kommunen vil bli sett av til ubundne investeringsfond.

Mva-kompensasjonen er eit anslag og vil variere med kor mykje av investeringane som er knytt opp mot refusjonspliktige kostnadar.

Del IV. Budsjettrammer for dei einskilde resultateiningar

Budsjettskjema 1A - driftsbudsjettet Bygland kommune				
		Budsjett 2018	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
1	Skatt på inntekt og formue	**-27 011**	-26 394	-25 620
2	Ordinært rammetilskot	**-60 327**	-59 750	-59 025
3	Skatt på eigedom	**-8 395**	-7 768	-8 843
4	Andre direkte eller indirekte skatter(konsavg.)	**-6 300**	-6 150	-6 247
5	Andre generelle statstilskot	**-342**	-388	-2 439
6	**Sum frie disponible inntekter**	**-102 375**	**-100 450**	**-102 174**
7	Renteinntekter og utbytte	**-7 731**	-7 744	-8 565
8	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	**2 400**	2 190	2 138
9	Avdrag på lån	**4 650**	4 650	4 303
10	**Netto finansinntekter**	**-681**	**-904**	**-2 124**
11	Til dekning av tidlegare års rekneskapsm. meirforbruk	**-**	-	-
12	Til ubundne avsettingar	**-**	7 012	10 098
13	Til bundne avsettingar	**3 300**	3 150	3 264
14	Bruk av tidlegare års rekneskapsm. mindreforbruk	**-**	-7 012	-10 198
15	Bruk av ubundne avsettingar	**-1 100**	-1 688	-500
16	Bruk av bundne avsettingar	**-3 390**	-3 505	-2 508
17	**Netto avsetting**	**-1 190**	**-2 043**	**156**
18	Overført til investeringsrekneskapet			
19	**Til fordelt drift**	**-104 246**	**-103 622**	**-104 142**
20	**Sum fordelt til drift (frå skjema 1 B)**	**104 246**	**103 622**	**97 130**
21	**Meirforbruk/mindreforbruk = 0**	**-**	**-**	**-7 012**

Kommentarar:
I linje 3, skatt på eigedom er det ei auke basera på dei endringane i eigedomsskatten som var korrigera mot slutten av 2017. Anslaget for 2018 er på ca. kr 627.000. Er og verdt å merke seg at dette er realveksten i skatt på eigedom. Tala frå år til år er i årets opphavelege kronekurs. Tala er ikkje justera til eit årstal. Når en bereknar realendringar må ein hugse deflatorkorrigeringar.

Tal i heile 1000

Budsjettskjema 1 B - driftsbudsjettet Bygland kommune Til fordeling drift (fra budsjettskjema 1 A)			
Fordelt slik:	**Budsjett 2018**	**Budsjett 2017**	**Regnskap 2016**
Resultateining 10: Politisk styring			
Netto	**1 830**	**1 956**	**1 648**
Resultateining 20: Sentral adm. og fellesutgifter			
Netto	**12 927**	**12 700**	**11 690**
Resultateining 201: Kultur			
Netto	**1 488**	**1 338**	**1 343**
Resultateining 300: Bygland oppvekstsenter			
Netto	**16 901**	**16 712**	**15 105**
Resultateining 302: Byglandsfjord oppvekstsenter			
Netto	**10 835**	**9 702**	**9 482**
Resultateining 31: Helse			
Netto	**8 471**	**7 851**	**7 681**
Resultateining 32: NAV			
Netto	**236**	**1 324**	**1 039**
Resultateining 33 : Pleie og omsorg			
Netto	**31 857**	**31 510**	**31 929**
Resultateining 35: Drift og forvaltning ekskl. VARF			
Netto	**13 328**	**13 000**	**12 721**
Resultateining 40: Drift og forvaltning- VARF			
Netto	**927**	**1 038**	**240**
Resultateining: 41 Større prosjekt			
Netto	**700**	**750**	**1 749**
Resultateining: 80 Eksterne samarbeid			
Netto	**11 995**	**12 173**	**11 437**
Resultateining 90: Andre sentrale inntektar og kostnadar			
Netto	**-7 249**	**-6 432**	**-8 934**
Netto driftsutgifter	**104 246**	**103 622**	**97 130**

Politisk styring

Omtale av eininga:
Rammeområdet omfattar all politisk verksemd i kommunen, så som godtgjering og løn til politikarar, reiseutgifter, utgifter i samband med møte osv.

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2018	**Budsjett 2017**	**Regnskap 2016**
Resultateining 10: Politisk styring			
Netto	**1 830**	**1 956**	**1 648**

Kommentar:
Utgiftene til politiske møte er budsjettert etter same møteaktivitet som i 2017. Det er ikkje val i 2018 slik at det ikkje er lagt inn kostnadar til dette.

Det er lagt opp til ei ordning der einingane får kompensert ekstrautgifter for tilsette som er politikarar. Denne ordninga er avgrensa av utgifter knytte til faktisk vikarbruk.

Formannskapet er lagt inn med ei tilleggsløyving på kr 10.000,-. Dette er midlar formannskapet kan disponere til ynskja føremål. Det er ikkje tilleggsløyvingar for dei andre politiske utvala.

Vedtekne godtgjersle til politikarane er vidareførte i budsjettframlegget med same sats som i 2017.

Det er vidare budsjettert med lokale midlar til Agder Sekretariat. Dei sentrale overføringane og kostnadane til Setesdal Revisjonsdistrikt IKS, ligg under eining 80 – Eksterne samarbeid.

Det er sett av kr 50.000,- til tilskotsordning til politiske parti. Kommunestyret har i eiga sak vedteke disponeringa av desse midlane.

Overordna målsetting for kommunen som tenesteytar

Ambisjon:
I Bygland skal innbyggarane og brukarane vere i fokus, og oppleve kommunen som ein serviceorientert organisasjon og eit truverdig forvaltningsorgan

Service og tenester:

- Ein skal i tenesteproduksjonen ha fokus på innbyggarservice, og på å gjere brukarane nøgde med tenestene
- Informasjon og kommunikasjon skal vektleggast
- Kommunen skal aktivt nytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi for å yte god service og gjere tenester lett tilgjengelege
- Bygland kommune skal som arbeidsgjevar nytte kompetanseheving for å utvikle verksemda, leiarane og kvar enkelt tilsett
- Økonomiske og menneskelege ressursar skal nyttast optimalt

Forvaltning:

- Sørgje for føreseieleg, konsekvent og lik handsaming av like saker
- Føre god og sakleg argumentasjon for vedtak og avgjerder
- Arbeide for kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming
- Gjere ei heilskapleg vurdering i alle saker, og vurdere dette opp mot føremålet i den aktuelle lova
- Sikre godt fagmiljø gjennom interkommunalt samarbeid

Desse overordna måla for kommunen si verksemd er uttrykte i ny kommuneplan. I tillegg ynskjer rådmannen for budsjettåret 2018 å vidareutvikle arbeidet med å styre etter mål – og resultatindikatorar, og har identifisert følgjande overordna strategiske mål for organisasjonen, for å møte identifiserte utfordringar. Dei einingsvise måla og resultatindikatorar skal sjåast i samanheng med desse overordna måla, og vere sektorvise bidrag til å utvikle organisasjonen heilskapleg.

Overordna strategiske mål for organisasjonen:

- Gjennomføre utviklingsarbeid som styrker tverrfagleg ressursutnytting og heilskaplege tenester
- Gjennomføre kompetansetiltak for leiarar og medarbeidarar som styrker drift og utvikling av tenester
- Arbeide aktivt for å rekruttere og halde på tilstrekkeleg bemanning med rett kompetanse
- Styrke heilskapleg samfunnsbygging med vekt på førebyggjande arbeid, kulturelt mangfald og miljø
- Samarbeide lokalt og regionalt for å utnytte kommunen sine ressursar i eit større perspektiv, og løyse ut større fleksibilitet og befolkningsvekst

Rådmannskontoret og Fellesutgifter

Omtale av eininga:
Stabseininga omfattar rådmannskontoret sine oppgåver innan administrasjon, leiing, økonomi, personal og politisk sekretariat.

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
Resultateining 20: Sentral adm. og fellesutgifter			
Netto	12 927	12 700	11 690

Kommentar:
På denne eininga er det i 2018 budsjettert med kostnadar til rådmannens stab og anna som ein naturleg kan leggje under denne. Det vart i 2016 gjennomført i omorganisering i tråd med gjeldane vedtak. For 2018 er det budsjettera med ei stilling innan overordna plan. Denne ligg organisera under rådmannen.

Det er budsjettert med nødvendige utgifter til drift av kontoret med den nye organiseringa. I tillegg inkluderer denne eininga fylgjande områder:

Fellesutgifter/Sektorovergripande:
Her ligg alle kostnadar som er felles for heile kommunen. Personforsikring for alle tilsette i kommunen og kontingentar til organisasjonar som kommunen er medlem i, er også budsjettert under dette område. Det er sett av kr 40.000,- til velferdstiltak og om lag kr 100.000,- til opplæringsmidlar for dei tilsette i kommunen.

IKT lokalt:
Her har ein samla dei interne, overordna IKT-kostnadane for Bygland kommune. Utgiftene til Setesdal IKT er ført under eining 80. Drift og innkjøp av tekniske installasjonar, linjer, maskiner, sentralbordløysningar og anna ligg under her.

Pedagogiske tenester:
Dette området omfattar utgiftene til skulefagleg kompetanse i Bygland kommune. Her kan det òg kome utgifter dersom barn frå Bygland kommune vert tekne opp i private barnehagar. Viser til heimel i forskrift om likeverdig behandling § 11, refusjon av kostnadar knytt til barn frå andre kommunar, «kommuner som har ikke-kommunale barnehager med barn som er bosatt i en annen kommune, har rett til refusjon for kostnader til ordinær drift som ikke dekkes av foreldrebetalingen og andre offentlige tilskudd fra kommunen der barnet er bosatt. Refusjonen er basert på nasjonale gjennomsnittssatser for tilskudd til driftskostnader og kapitalkostnader fastsatt av departementet.» For tida har vi 1 barn i private barnehagar som er bosatt i Bygland. Dette barnet går i privat barnehage utafor kommunegrensa. Det er usikkert korleis dette vil slå ut kostnadsmessig for kommunen.

Kyrkjesektoren:
Omfattar overføring til kyrkjelege fellesråd og tilskot til trudomssamfunn. Det er lagt til grunn ei overføring på kr 1.162.000,-. Overføringa er justert for med ei vekst tilsvarande kommunens auke i skatt og rammetilskott på 1% nominell vekst. I tillegg vert det gjeve 100 000 i omframt tilskot til Bygland kyrkjelege fellesråd for måling av kyrkja.

Frivilligsentral:
Området omfattar utgiftene til drift av Bygland frivilligsentral og driftsutgiftene til matombringing.

Folkehelsekoordinator:
Bygland kommune har underteikna avtale med Fylkeskommunen om å ha ein folkehelsekoordinator. Folkehelsekoordinator skal ha fokus på førebyggjande helse på tvers av alle einingane i kommunen. I Bygland er det tilsett folkehelsekoordinator i 20 % stilling.

Folkehelselova handlar om det kvar enkelt av oss, kommunane og samfunnet kan gjere for at vi skal få eit sunnare og friskare folk. God helse er ein av dei viktigaste ressursane i samfunnet. Å satse breitt på å førebygge sjukdom og fremje helse vil redusere sjukdom og død, og gi ei meir funksjonsfrisk og arbeidsdyktig befolkning. Rådmannen oppnemnte i 2015 ei arbeidsgruppe med tenesteleiar helse, folkehelsekoordinator og kommuneoverlege som fekk følgjande mandat:

- Arbeide for at kommunen skal ha ei offensiv og oppdatert tilnærming til folkehelse, som følgjer krava i folkehelselova.
- Faggruppa skal vere ei kompetanse- og ressursgruppe for kommunestyret og andre politiske forum, og for leiarar og tilsette i kommunen.
- Byggje ei felles plattform, med politisk og administrativ forankring, der alle får ei felles forståing av kva god folkehelse inneber, og kva som må til for å oppnå dette.
- Utvikle eit godt system for å utarbeide årleg oversikt over helsetilstand og faktorar som verkar inn på helse i kommunen, samt vurdere årsakssamanhengar og konsekvensar.

Alle område i kommunen skal ha folkehelse og levekår som gjennomgåande tema. Folkehelse skal ligge til grunn for alt planverk i kommunen.

HTV:
Hovudtillitsvalde i Bygland kommune er frikjøpt i 50 % stilling. Denne stillinga er lønna under denne eininga.

Likestilling:
Lover (likestillingsloven, diskrimineringsloven, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og arbeidsmiljøloven) og avtaleverk (HA) legg føringar på kommunen vedkomande likestillingsarbeidet. Her vert ansvaret òg plassert. I Hovudavtalen står fylgjande:

§ 7 Fremme likestilling og hindre diskriminering

Arbeidet for å fremme likestilling og å hindre diskriminering lokalt tillegges de som har det overordnede ansvar for arbeidsgiverpolitikken i den enkelte kommune/fylkeskommune. Ledere og tillitsvalgte har et særlig ansvar for det løpende likestillings- og ikke-diskrimineringsarbeidet.

Dei sentrale partane skriv vidare:

Det er en målsetting for partene at:

- *alle arbeidstakere må gis like muligheter til arbeid og til personlig og faglig utvikling*
- *alle arbeidstakere må gis like muligheter med hensyn til tilsetting, lønn, heltidsstilling, opplæring og avansement*
- *det ikke må skje usaklig forskjellsbehandling ved innskrenkninger og oppsigelse*
- *det rekrutteres flere kvinner til ledende stillinger*
- *det rekrutteres flere menn til kvinnedominerte yrker i kommunal sektor*

I kap. om likestilling i personalhandboka har ein lagt vekt på likestilling mellom kjønna.
Dette kap. er no under evaluering. Likestillingsomgrepet må no utvidast til også å gjelde etnisitet, alder, legning, funksjonsevne osb. ikkje bare kjønn.

Når det gjeld mål, tiltak, kompetanseutvikling/opplæringsplan osv. viser ein til personalhandboka.

Det er ikkje framlegg om særskilte likestillingstiltak i budsjettet, men tiltak som har økonomiske konsekvensar som t.d. prioritert kompetanseplan er vedteken i AMU og «innbaka» i budsjettet.

OVERORDNA PERSONAL

Fokusområde:

1.1 Tariffoppgjer og forhandlingar
I 2018 er det hovudoppgjer. Mot normalt så var det lokale forhandlingar i alle 3 kap. i mellomoppgjeret 2017. SSB forventar ein årslønnsvekst på 3%. Verknadstidspunkt. For lønnsoppgjeret i kommunal sektor i 2017 var seinare enn normalt noko som fører til eit større overheng til 2018 enn vanleg. KS har estimert overhenget til å bli 1,6 %.
Bygland kommune vil leggje seg på nokolunde same årslønnsvekst når det gjeld lokale forhandlingar som årslønnsveksten elles i landet.

1.2 Kompetanseutvikling*:*
Kompetanseutvikling er ein viktig grunnpilar for strategisk verktøy for vidare organisasjonsutviklinga på alle nivå i kommunen og ein vil difor ha fokus på dette i 2018 og. Overordna kompetanseplan vert rullert hausten 2018 som normalt. Det er sett av noko midlar i budsjettet til sektorovergripande kompetansetiltak i tillegg til det som er lagt inn på kvar einskild eining.

1.3 Sjukefråver*:*
Bygland kommune vil også i 2018 ha fokus på å setje i verk tiltak for å halde sjukefråveret nede.

1.4 Compilo – internkontrollsystem
Compilo er no i drift og det meste av personalverktøy ligg der. Fokus i 2018 er vedlikehald og vidareutvikling av dette verktøyet.

1.5 Likestilling

I personalhandboka vår er det vedteke fylgjande:

7.2 Delmål 1 - likestilling

Ha ein organisasjonskultur og eit arbeidsmiljø som inkluderer/ ivaretek og verdset alle arbeidstakarar på lik line uansett kjønn, etnisitet, religion, funksjonalitet osv.

Tiltak 1:

Forankre likestillingsarbeidet i administrativ og politisk leiing.

Tiltak 2

Einingane skal beskrive likestillingstilstanden i eininga og rapportere om både planer og resultat når det gjeld likestilling. (Kommunelova § 48 pkt 5).

Tiltak 3

Likestilling må inngå som ein naturleg del av leiaropplæringa.

Tiltak 4

Inngå i kommunen sine overordna planar.

7.3 Delmål 2 - likestilling

Gje alle arbeidstakarane lik moglegheit til arbeid og til personleg og fagleg utvikling.

Tiltak 1

Ut frå bla. medarbeidarsamtale/bemanningsplan/rekrutteringsplan lage ein opplærings- og utviklingsplan der ein også tenker likestilling.

7.4 Delmål 3 – likestilling

Tenkje likestilling ved lønnsfastsetjing.

Tiltak 1

Alle arbeidstakarar uansett kjønn, etnisitet, religion, funksjonalitet osv vert vurdert etter same kriteriesettet vedtatt i lønnspolitisk plan.

7.5 Delmål 4 – likestilling

Ha ei balansert samansetning av kjønna i leiande stillingar.

Tiltak 1

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I leiande stillingar der eit av kjønna er underrepresentert vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønnet som er underrepresentert dersom søkjerane elles står kvalifikasjonsmessig likt.

Generelle tiltak

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I stillingsgrupper som er underrepresentert av eit kjønn vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønnet som er underrepresentert dersom søkjerane elles står kvalifikasjonsmessig likt.
- At flest mogeleg som ynskjer det skal få utvida stillingane sine til 100% stilling.
- Kartlegge dei tilsette sine interesser for auke stillingsbrøken sin til 100%. (også på tvers av einingane).
- Når stillingar skal lyses ut, forsøk i størst mulig grad å lyse dei ut som heile stillingar.
- Vurdere om turnus eller arbeidstidsordning kan reorganiserast med enkle grep for å auke talet på heile stillingar.

Det er ikkje sett av spesielle midlar til dette i 2018.

Nøkkeltall Bygland kommune om alder og kjønn

Alder	Menn %	Damer %	Totalt %
61 - 70	29,63	13,74	16,46
51 - 60	22,22	24,43	24,05
41 - 50	37,04	32,06	32,91
31 - 40	3,70	22,90	19,62
21 - 30	7,41	6,11	6,33
<20	0,00	0,76	0,63
totalt	100%	100%	100%

PAD (Personal- og administrasjonseininga)

Tilsette
Det er 3,0 årsverk i PAD eininga i tillegg til 1,25 årsverk på kultur. I 2018 har ein lagt opp til same bemanning.

Sjukefråver:
Det er lite korttidsfråver i eininga men vi har hatt langtidsfråver i 2017. Tiltak knytt til dette vil bli prioritert

Arbeidsoppgåver/prioritering 2018:
Eininga har i hovudsak ansvar for fylgjande:
- Post, e-post, arkiv, innsynssaker m.m.
- Val og politisk sekretariat.
- Informasjon, (inkl. heimeside, facebook,).
- Kultur. (inkl. bibliotek og ungd.klubb).
- Publikumsmottak.
- Overordna personal.
- Overordna beredskap/SLT
- Systemansvar i forhold til kvalitetsstyring, personal, sakshandsaming m.m.

Eininga har i 2017 fått tilført ansvar for beredskap. Dette ansvaret låg før på eininga drift og forv. Midlar er difor flytta frå DFV til stab.

Eininga vil i 2018 prioritere fylgjande:
1) Primæroppgåvene i eininga.
2) Lære opp kvarandre slik at det er dobbeltkompetanse på dei fleste «tidskritiske» oppgåvene.
3) Jobbe med LEAN og bidra i innbyggjarundersøkjing.

2018 vert altså eit år der vi prioriterar primæroppgåvene våre og LEAN arbeid. Ein ser ikkje rom for å innføre nye system eller nye oppgåver der det vert kravd menneskelege ressursar..

Kultur, bibliotek, bygdebok, ungdomsklubb

Omtale av eininga:
Kulturområdet har hatt fast tilsett biblioteksjef i 60 % stilling med ansvar for hovudbiblioteket på Bygland og filial på Byglandsfjord. Biblioteksjefen har også 10 % knytt til skulebiblioteket.
I Heradshuset på Bygland er det kommunal ungdomsklubb med 25 % stilling. I tillegg har ein gjort eit val om å setje opp ein vikar som kan tre inn når Ungdomsarbeidar er sjuk, og ved spesielle høve og turar. På den måten

unngjeng ein å stenge. Ein ser på arbeid med barn og unge som eit svært viktig område, og vikaren gjer her ein formidabel innsats.
Det er tilsett ein kulturleiar i fast stilling i 40 %. Kulturleiarens ansvar omfattar generell kulturadministrasjon/fordeling av kulturmidlar, kulturvern og kulturminne, interkommunal kulturskule i samarbeid med Evje og Hornnes, ungdommens kulturmønstring (UKM), løypande kontakt og oppfølging av lag og organisasjonar, publisering på facebook/avis/og andre sosiale media, innbyggjarane sin støttespelar ved arrangement, arrangør av kulturarrangement, ansvar for søknadar om spelemidlar og vedlikehald av anleggsregister/rapportering, kontakt og rapporteringsansvarlig mot fylkeskommunen med tanke på den kulturelle skulesekken/beremeis/spaserstokk, ansvar for bygdekino, og for planlegging og gjennomføring av den kulturelle spaserstokken. Ansvar for ungdomsklubb og bibliotek ligg også her.

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
Resultateining 201: Kultur			
Netto	**1 488**	**1 338**	**1 343**

Kommentar:
Kultur:
Kommunestyret vedtok å bruke kr. 165.000,- til kulturmidlar i 2017. I budsjettet for 2018 ligg det inne eit forslag om å auke desse midlane med kr 150.000,-. I kommuneplanen står det: «Vi satsar på å gje barn og unge identitet og røter ved å føre vidare lokal kultur og tradisjonar. Samstundes vil vi vere opne for nye impulsar og kulturell nytenking.» Dette er viktige retningsliner når ein skal fordele kulturmidlane. Samstundes ynskjer me å støtte aktørar innafor idrett og friluftsliv, ikkje minst dei lokale laga i kommunen. Tilskotet skal nå prioritere lag som rettar seg mot born og unge.
Av kulturmidlane har kr 50.000,- per år gått til Bygland hornmusikk, jfr. tidlegare politisk prioritering og kr 13.000,- til fordeling etter regulativ til 17. mai-komitèane. Honorarfondet har også fått 50.000,- per år. Kr 10.000,- er sett av til Bygdekinoen. Dette er også eit tiltak som gjev inntekt til lokale lag (4H) og er viktig for at Bygland kommune skal kunne konkurrere med kulturtilbodet i til dømes Kristiansand.

Ungdomsklubben:
Klubben legg opp til aktivitet på måndagar og onsdagar. Det er budsjettert med kr. 12.000,- til velferdstiltak. Eksempel på tiltak er joleball og overnattingsturar på DNT-hytter. Det er også budsjettert med 3.000,- til kjøp av mat. Ungdomsklubben prøver såleis å dekkje nokre av utgiftene ved slike turar, sånn at flest mogleg skal kunne vere med. Ungdomsklubben er eksempel på eit område kommunen ynskjer å satse meir på, då huset er populært blant ungdomen. Ein ser at det kan det bli aktuelt for ungdomsklubben å arbeide meir med prosjekt, for slik å kunne søkje om midlar frå diverse fond. Dette et tidkrevjande, og krev fort meir stillingsressurs.

Det er kome privat initiativ til ein ungdomsklubb/samlingsplass for ungdom på Byglandsfjord. Kommunen ynskjer å stø opp om dette initiativet då ein ikkje har eit tilbod i denne delen av kommunen. Forsøk på å samle dei unge på ungdomsklubben i Bygland har ikkje lukast som ynskja. Ein del av auka i kulturmidlane vil gå til eit tilbod på Byglandsfjord i samarbeid med private aktørar.

Bibliotek:
Det er budsjettert med kr 93.000,- til kjøp av bøker/musikk/video. Kommuneplanen seier at Bygland kommune skal vere opne for «nye impulsar og kulturell nytenking». Digitaliseringa og oppgraderinga som biblioteket har vore gjennom er eksempel på dette. Det er sett av kr 15.000,- til IKT utstyr og kr 10.000,- til inventar og utstyr, for å forsøke å følgje opp dette. Oppgraderinga som har vore gjort, og skal fortsetje kan leggje til rette for eit «eit rikt og mangfaldig kulturliv».

Bygdeboka:
Det er sett av kr 4.000.000,- på fond som skal dekke alle utgiftene til å sluttføre arbeidet. Dette skal dekke utgiftene til løn, andre driftsutgifter og trykking. Salsinntektene av bygdebøkene vil inngå i prosjektet som ei inntekt. Manus, tekst- og biletmateriale og arkivmateriale må sikrast for ettertida, også elektronisk.

Ådne Fardal Klev arbeidar med å sluttføre dette arbeidet innanfor den gjevne kostnadsramma.

Det er ikkje ført opp driftsmidlar frå 2018 og ut økonomiplanperioden då dette arbeidet vert fondsfinansiert frå avsette midlar.

Overordna mål for verksemda:

Det overordna målet for kulturarbeidet i Bygland kommune finn vi i framlegg til ny kommuneplan:

Bygland skal vere prega av eit rikt og mangfaldig kulturliv, som saman med eit godt miljø gjev gode levevilkår.

Dette er eit overordna mål som fell saman med andre av kommunen sine overordna mål slik det er formulert i ny kommuneplan. I kommuneplanen finn vi også dette:

Kultur og miljø

Ambisjon:

Bygland skal vere prega av eit rikt og mangfaldig kulturliv, som saman med eit godt miljø gjev gode levekår.

Vi er stolte av eit rikt kulturliv med tilbod til dei fleste. Vi satsar på å gje barn og unge identitet og røter ved å føre vidare lokal kultur og tradisjonar. Samstundes vil vi vere opne for nye impulsar og kulturell nytenking.

I kommunen har vi hornmusikk, teaterlag, 4H, ungdomsklubb, idrettslag med aktivitetar og idrett på mange nivå, skyttarlag, jeger- og fiskarlag, leikarring, kulturskule, bygdekino m.m.
Heilt lokalt er mykje verdfullt barne- og ungdomsarbeid knytt til dei ulike bedehusa. I tillegg har vi fleire band, lokale musikarar og bygdekor. Mykje skjer, stort sett heile tida for den som vil oppleve og utøve.

Kommunen har eigen plan for idrett, friluftsliv og kulturbygg med handlingsprogram som vert rullert kvart år. Kommunestyret avgjer via budsjettvedtaket kva tiltak som vert finansiert (IFK planen).

Vegen vidare:

- Halde fram å styrke kulturlivet ved å prioritere dette i budsjettsamanheng
- Legge til rette for aktiv livstil og rekreasjon ved å betre tilgjenge til utmarka via eit ope nett av skogsbilvegar
- Kommunen skal stimulere til, og legge til rette for at kulturlandskap og kulturmiljø skal vere viktige ressursar for trivsel og utvikling

Styringsmål:

- Kulturavdelinga støttar opp om arbeidet for barn og ungdom i alle delar av kommunen
- Samarbeidet om den interkommunale kulturskulen og UKM vert vidareført
- Planen for idrett, friluftsliv & kulturbygg vert rullert kvart år med eitt ope orienteringsmøte
- Ungdomsklubbane lyt vidareutviklast

Oppvekstsektoren i Bygland kommune

Innleiing:

Bygland kommune har 2 oppvekstsentra. Bygland oppvekstsenter inneheld ordinær skuleverksemd 1. – 10. klasse, barnehage og skulefritidsordning (SFO).

Byglandsfjord oppvekstsenter inneheld ordinær skuleverksemd 1. – 7. klasse, barnehage og skulefritidsordning (SFO).

Overordna mål for oppvekstsektoren:

- Oppvekstsentra i Bygland skal gi barn og unge dei beste vilkåra for tryggleik, trivsel samhandling og læring.

- Tilby alle som søkjer ved hovudopptak barnehageplass, og vere fleksible om nokon treng plass ved andre høve.
- I skular, barnehagar og SFO skal barna ha eit forsvarleg tilsyn, slik at dei opplever tryggleik og trivsel i lag med andre gjennom heile dagen.
- Gi opplæringa ei lokal forankring gjennom bruk av kultur og natur slik at ein skaper identitet til heimplassen.
- Kvalitetssikre tilbodet i skular, SFO og barnehagar gjennom brukar undersøkingar.
- Stimulere og leggje til rette for fysisk aktivitet.
- Brukarane møter tilpassa læringssituasjonar og utfordringar.
- Alle elevar skal gjennomføre vidaregåande opplæring.

Styringsmål:

- Halde tildelt budsjettramme.
- Arbeide for vere blant dei beste på Agder når det gjeld grunnskulepoeng.
- Arbeide for å få gode resultat på nasjonale prøver.
- Gode resultat på den årlege elevundersøkinga.
- Gjennomføre utviklingsarbeid som sikrar kvaliteten og tverrfagleg samarbeid ved overgangane barnehage, barneskule, ungdomsskule, vidaregåande skule, vaksenopplæring, utdanning og jobb.
- Gjennomføre kompetansehevingstiltak i samsvar med vedtatt kompetansehevingsplan.
- Arbeide for å halde sjukefråveret på eit minimum gjennom førebygging, oppfølging og tilrettelegging av dei sjukemelde.
- Gjennomføre medarbeidarsamtalar våren 2018.

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
Resultateining 300: Bygland oppvekstsenter			
Netto	**16 901**	**16 712**	**15 105**

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
Resultateining 302: Byglandsfjord oppvekstsenter			
Netto	**10 835**	**9 702**	**9 482**

Elevtalsutvikling:
Tabellen under viser utviklinga i elevtalet ved skulane i planperioden:

Skuleår	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021
Bygland oppvekstsenter, elevtal	92	95	95	95
Byglandsfjord oppvekstsenter, elevtal	43	43	43	43

Omtale av oppvekstsentra:

Bygland oppvekstsenter:

Oppvekstsenteret har funksjonelle og gode lokale, som er godt vedlikehaldne. Den nye idrettshallen har tilført oss ein ny dimensjon når det gjeld fysisk aktivitet både i undervisningssamanheng og rom for friminuttsaktivitetar. Elevtalet ser ut til å ha stabilisert seg på ca. 95.

Bygland oppvekstsenter har dyktige og engasjerte medarbeidarar. Vi er for tida godt dekka med kvalifiserte pedagogar, både i skule, barnehage og på vaksenopplæringa. Vi driv kontinuereleg vidareutdanning gjennom "Kompetanse for kvalitet», og har to lærarar som tek vidareutdanning etter denne ordninga skuleåret 2017/18.

Oppvekstsentra i Bygland er også i startfasen på eit nytt nettverksbasert kompetanseutviklingsprogram saman med Evje og Hornnes, der tema er «Skriving i alle fag».

Skulen:
Satsingsområde:
- Skriving i alle fag.
- Elevmiljø
- Vidareføre Kompetanse for mangfald
- Barn som bekymrar

Barnehagen:
Ordinær barnehagedrift med to avdelingar, samla 24 born
Satsingsområde:
- Vi vil leike
- Kompetanse for mangfald
- Bravo.

SFO/leksehjelp:
- Ordinær skulefritidsordning SFO alle dagar, med opningstid 07.15 til 16.30. Samla deltek 18 born på SFO i haust.
- Det er leksehjelp to ettermiddagar i veka for 5.kl.tom. 10.kl.

Vaksenopplæring:
Norskopplæringa for vaksne flyktningar held i dag til i «Gamle prestegarden», og er organisert som ein del av oppvekstsenteret. Dette utgjer for tida ca., to årsverk. Samfunnsfagdelen vart halden som sommarkurs fyrste og siste veka i skuleferien. Vi har pr. i dag 14 elevar på obligatorisk norsk i samband med intro. program. Oppvekstsenteret driv også vedlikehaldsundervisning for vaksne etter §4-2 i opplæringslova. Forseinka grunnskuleopplæring for vaksne vert ivareteken gjennom eigen samarbeidsavtale med Evje og Hornnes..

Byglandsfjord oppvekstsenter:

Budsjettramma for 2018 gjev fortsatt rom for at alle barn på oppvekstsenteret i alderen 1 – 12 år skal få dei beste vilkåra for tryggleik, trivsel, samhandling og læring. Barna vil framleis få eit godt og tilrettelagt tilbod. Byglandsfjord oppvekstsenter har eit svært stabilt personalet som er dyktige, engasjerte, løysingsorienterte og positive. Arbeidsmiljøet ved oppvekstsenteret er godt og brukarundersøkingar/elevundersøkingar syner svært gode score. Det arbeidast kontinuerleg med å betre det psykososiale miljøet til alle barn på oppvekstsenteret og her har ein fokus på førebyggjande arbeid i tillegg til å sette inn tiltak tidleg.

Bygningane er i god stand, men uteområdet treng fortsatt ei oppgradering. Oppvekstsentra i Bygland er sentrale i satsinga «Barn som bekymrar» som heile Bygland kommune er med på. Denne satsinga skal heve kompetansen til dei tilsette som kjem i kontakt med barn/unge i risikoutsetta livs- og omsorgssituasjonar. Prosjektet skal utvikle tverrfagleg samarbeid til det beste for desse barna. Bygland kommune og Evje og Hornnes kommune har saman gått inn i den desentralisera ordninga for kompetanseutvikling i skulen. Dette startar vi opp med i 2018 og tema for kompetanseutviklinga er «skriving i alle fag».

Barnehagen
Det er ordinær barnehagedrift med to avdelingar og full pedagogtettleik. Barnehagen har åpningstid frå kl.07:15 – kl.16:30. Det er fullt i barnehagen med 27 barn. Barnehagen har gode leike- og opphaldsareal. Barnehagen satsar no stort på den aktive og utviklande leiken BRAVO som skal bidra til å auka konsentrasjon,

betre kommunikasjonsevna og betre språkutviklinga. Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitet. Barnehagen har satsinga «vi vil leike» for barnehageåret 2017/2018. Implementering av ny rammeplan vert og arbeidd med.

SFO
Ordinær skulefritidsordning. SFO har opningstid alle dagar frå kl.07:15 - kl.16:30, før og etter skuletid. 95% av elevane i den aktuelle aldersgruppa nyttar seg av tilbodet som er eit svært innhaldsrikt tilbod. Skuleåret 2017/2018 har me 21 barn. SFO er oppteken av at barna skal få eit sunt kosthald og mykje fysisk aktivitet

Skulen/Leksehjelp
Skulen satsar vidare på Vurdering for læring (VFL). I form av eit prosjekt er VFL no ferdig, men ein ser at det er naudsynt å vidareføre fokus på VFL også dei komande åra. Varig endring og implementering av nye vurderingsformer og metodar tek tid. Vi vil ha mykje fokus på «skriving i alle fag» i dei komande åra. Det er tilbod om gratis leksehjelp to timar i veka for elevane i 5.-7. klasse. For 1.-4. klasse er leksehjelpa behovsprøva i eit samarbeid med dei føresette.

Resultateining: Helse

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
Resultateining 31: Helse			
Netto	**8 471**	**7 851**	**7 681**

Legetenesta
Ved Bygland legekontor er det tilsett 5 personar i faste stillingar. Legekontoret har 2 fast tilsette legar, ein kommuneoverlege i 85 % stilling, 25 % av stillinga blir nytta til kommuneoverlegeoppgåver og 60 % som fastlege, samt ein fastlege i 80 % stilling. (Kommuneoverlegen fekk auke i den kurative delen av si stilling med 20 % frå 1.9.2017). Legekontoret har og turnuslege i 100 % stilling.

Kommuneoverlegen er spesialist innan samfunnsmedisin og i allmennmedisin. Kommuneoverlegestillinga er eit samarbeid med Evje og Hornnes kommune der Bygland kommune er vertskommune. Legekontoret blir i 2018 bemanna med 2 legesekretærar i 60 % og 40 % stilling, og ein legesekretær som og er kontorleiar i 100 % stilling.

Kommunestyret i Bygland vedtok i 2017 å byggje om legekontoret på Byglandsfjord til eit fullverdig legekontor. Dette vil medføre auka husleige, strømutgifter og reisegodtgjersle.
Auke i budsjett for legekontoret er 94 000 på grunn av lønsauke og drift av Byglandsfjord legekontor.
Refusjonar frå Helfo og eigenandelar frå pasientar er noko usikre.

Det er etablert lokal legevakt saman med Evje og Hornnes kommune. Legen som har hatt vakt har krav på fri dagen etter dersom det har vore utrykking etter klokka 23 dagen før, og fri ein dag veka før helgevakt. Dette medfører mindre kapasitet på kurativ teneste på dagtid.

Per 1.11.2017 er det 1091 som har fastlege i Bygland, nedgangen på 140 pasientar er sannsynligvis på grunn av avvikling av asylmottaket.

Helsesystertenesta
Helsesyster i Bygland har 90 % stilling. Ho starta på desentralisert helsesysterutdanning hausten 2017. Bygland kommune har forplikta seg til å dekke utgifter og naudsynte permisjonar i samband med utdanninga. Helsesyster har forplikta seg til to års teneste etter utdanninga.

Tenesta blei i 2016 styrka med 20 % stilling med psykiatri og ruskompetanse som gjer eit tilbod til dei eldste ungdomane.

Helsesystertenesta gjev tilbod om tenester til alle innbyggjarane i kommunen mellom 0-20 år. Helsestasjonen yter tenester i form av helsestasjon for barn 0-5 år, skulehelseteneste for barn og ungdom 6-20 år. Helsestasjon for ungdom er etablert på tysdagar og turnuslegen har ansvar for tilbodet medan helsesyster er under utdanning.

Helsesystertilbodet vil vere noko redusert medan ho er under utdanning, lovpålagde oppgåver blir prioritert. Auke på kr 65.000 i budsjettet er kostnader til utdanninga..

Jordmor
Jordmortenesta er eit samarbeid med Evje og Hornnes kommune, der Bygland kommune er vertskommune. I den ordinære jordmortenesta er det tilsett jordmor i 80 % stilling fordelt med 60 % til Evje og Hornnes kommune og 20 % til Bygland kommune.

Jordmor og helsesyster samarbeider med å gi eit godt tilbod til gravide og nyfødde. I tillegg er det etablert ei ordning med 40 % stilling som skal dekke følgjetenesta i Bygland kommune. Kr 330.000,- av kostnadane for følgetenesta vert dekka av SSHF. Auka på kr 55.000,- er lønsauke..

Psykisk helse og rus
Tenesta består av 65 % stilling spesialhjelpepleiar med god psykiatrikompetanse, 10 % velferdsvitar med ruskompetanse, det er dei same tilsette som arbeider saman med helsesyster for å gi tenester til dei eldste ungdomane. Målet er å gi ei god teneste med eit godt samarbeid og få til ein god overgang frå ungdom til vaksen.

Ansvaret for oppfølging av rusavhengige er lagt til dette området. Styrking av ruskompetansen får tenesta og gjennom LMT med interkommunal ruskonsulent i Setesdal i 20 % stilling.
Tilsette i psykisk helse og rus deltek i interkommunale fagnettverk som er etablert i Setesdal.
Nettverka er ein styrke for dei tilsette med kompetanseheving og for å utveksle erfaringar.
Brukarane av tenesta har dagtilbod ein dag i veka på Byglandsfjord i same lokalar som Pleie og Omsorg og Frivilligsentralen har sine aktivitetar. Auke på 35 000 i budsjetter er på grunn av lønnsauke.
Tenesteleiar er leiar for tenesta og har og pasientoppfølging.

Bustader for menneske med psykiske lidingar
Det er eit tilbod til 4 personar med psykiske helse og rus –problematikk, det blei etablert etter ein vertskommuneavtale med Evje og Hornnes kommune. I juni 2016 blei tilbodet samla med eit fellesareal i Strandgata på Byglandsfjord. Det er 2.25 stillingar i bustaden som arbeider dag og kveld. Budsjett 2018 med ei auke på kr 109.000,- er utarbeida på grunnlag av drift og rekneskap i 2017.

På grunn av usemje med Evje og Hornnes kommune om vertskommuneavtalen er refusjonen usikker.

Støttekontaktar og avlastning
Budsjettet for støttekontakt inneheld støttekontakt, avlasting og omsorgsløn. Tenesteleiar har ansvar for sakshandsaming etter søknader frå foreldre og brukarar. Tildelinga blir drøfta i ansvarsgruppemøte og med andre fagpersonar som er involvert i tiltak rundt brukar. Det er i hovudsakleg born, unge og deira familiar som i dag har støttekontakt, avlastning og omsorgsløn.

Om ein brukar avlastning og støttekontaktar som førebyggjande tiltak vil foreldre kunne klare sine omsorgsoppgåver over tid. Støttekontaktar er oppdragstakarar og vert lønna i samsvar med til ei kvar tid gjeldande tariff løn for assistentar. Avlastning vert godtgjort etter tilrådde satsar for fosterheim og avlastning. Budsjettposten er auka med kr 242.000,- på grunn av tilbod til ein ungdom med spesielle hjelpebehov. Behov for støttekontakt og avlastning er vanskeleg å si på førehand, men budsjettet er satt opp etter dei behova ein kjenner til i dag.

Fysioterapitenesta
Fysioterapeuten er sjølvstendig næringsdrivande med 75 % kommunal driftsavtale. Ho har og ansvar for lovpålagde kommunale oppgåver, desse tenestene kjøper kommunen av fysioterapeuten. Det er heller ikkje i år funne rom for å auke stillingsandelen til fysioterapeut.

Tenesteleiar
Tenesteleiar deltek i helsenettverk saman med leiarane i helse og i pleie og omsorg i Setesdal.

Tenesteleiar har ansvar for koordinerande eining med Individuelle planar, og kontaktperson i kommunen for SSHF (Sørlandets Sykehus Helse Foretak), dersom det er pasientar som treng langvarige og koordinerande tenester.

Overordna mål for verksemda:
- Kommunen skal møte brukarane sine med profesjonalitet, respekt og toleranse
- Motivere til fysisk aktivitet og sunne livsvanar
- Førebyggjande helsearbeid, mosjon og velvære skal vere eit satsingsområde
- Vi skal vidareutvikle dei gode, trygge lokalsamfunna prega av nærleik og omsyn til fellesskapet og med fokus på enkeltmenneske

Styringsmål:
- Halde økonomisk ramme
- Utarbeide ein helsepolitisk plan og medverke til at folkehelse har fokus i kommunalt planverk og tenesteproduksjon
- Etablere eit tilstrekkeleg internkontrollsystem for å sikre at tildeling og utføring av tenestene er lovmessige og forsvarlege
- Sikre vedtak om, og oppfølging av individuelle planar
- Vidareføre utviklingsarbeid som sikrar og styrkar tverrfagleg samarbeid
- Styrke dialogen med tenestemottakarar
- Utarbeide kompetanseplan og gjennomføre tiltak i samsvar med denne
- Arbeide for lovmessig kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming.
- Lågt sjukefråvær gjennom førebygging, oppfølging og tilrettelegging for dei som er sjukemelde
- Gjennomføre medarbeidarsamtale våren 2018

Resultateining: NAV

Omtale av eininga:
NAV Bygland har som formål å få fleire i arbeid og færre på stønad. Vi er også opptatt av å gjere det enklare for brukarane - fleire kanalar inn til NAV. Tenestene skal tilpassast etter brukarane sine behov. Med dette bidreg NAV Bygland å skape ein heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning.

NAV Bygland – flyktningtenesta har som formål å busette og integrere flykningar på ein slik måte som gjer dei rusta til å bli sjølvhjelpne, gje dei den bistand dei treng for å kvalifisere seg til det norske arbeidsliv og å finne seg høveleg arbeid.

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
Resultateining 32: NAV			
Netto	236	1 324	1 039

Kommentar:
Den store reduksjonen i denne eininga skuldast i hovudsak to forhold:

- Det er redusert litt i den økonomiske ramma til NAV
- Det vert sett av mindre del av integreringstilskottet til flyktningfondet. Derfor vert det ansvaret syna med eit mindreforbruk då delar av integreringstilskottet vil ligge som ein inntekt på ansvaret og dreg derfor ned nettoforbruket for einina.

Etter at NAV Bygland blei etablert har det ført til at innbyggarane i Bygland kommune får eit heilskapleg tenestetilbod som er eigna til å sikre rett yting til rett tid. Med riktig bruk av verkemidla som er tilgjengelig i NAV, samt fokus på brukarmedverknad er det stor von for å lykkast med dette arbeidet.

Dei siste åra kan ein sjå eit stabilt tal på sosialsakar. Dette er noko som kan aukast i 2018 på grunn av at Bygland kommune i dag har busett flyktningar. Det har fram til no blitt utbetalt svært lite til sosialhjelp, samstundes skal mykje av desse utgiftene dekkast av integreringstilskotet og andre statlege tilskot. Flyktningtenesta og vaksenopplæringa har eit tett samarbeid rundt dei busette flyktningane slik at dei på best mogleg måte er rusta til å bli sjølvhjelpne og få høveleg arbeid når dei etter 2 (3) år er ferdig med introduksjonsprogrammet.

Flyktningane mottar introduksjonsstønad og skal vere sjølvhjelpne så langt det let seg gjere. NAV skal heilskapleg arbeide mot at dei etter introduksjonsprogrammet skal vere sjølvhjelpne , ha god orden og innsikt i eigen økonomi og ha skaffa høveleg arbeid. Det vert ikkje busett nye flyktningar i 2018, grunna reduksjonen av flyktningstraumen.

Husbanken
Ordninga med startlån er meir målretta mot personar med langvarige bustad- og finansieringsproblem. Ordninga har blitt meir tydeleg. Den vil i større grad enn tidlegare nå fram til dei personane som er vanskelegst stilt på bustadmarknaden, og som samtidig har økonomisk evne til å betena eit lån. Personar i målgruppa kan vere lågtlønte, einslege forsørgjarar, flyktningar og utviklingshemma. Den nye forskrifta opnar og for å kunne formidle startlån med opptil 50 års nedbetalingstid. Dette kan for eksempel vere i høve der låntakaren har problem med å skaffe seg en eigna leigebustad, leige er klart dyrare enn lang nedbetalingstid, og låntakar har låg, stabil inntekt og stabil livssituasjon (Henta frå husbanken.no).

Flyktningetenesta
Det vart vedteken i kommunestyret desember 2015 at Bygland kommune skal busetje 10 flyktningar kvart år i perioden 2015 – 2019, totalt 50 flyktningar innan for ei periode på 5 år. Det vil sei at ein har muligheit for ei fleksibel løysing på når ein skal busette.

Bygland kommune har sidan 2014 busett 38 flyktningar, 20 vaksne og 18 barn.

Det er tilsett ein flyktningkonsulent i 80% stilling. Flyktningkonsulenten sitt ansvarsområde er:

- Kontakt med IMDi: Motta førespurnad om busetting, svare på desse, søke om tilskot osv.
- Busetting og bu-rettleiing.
- Følgje opp flyktningane i forhold til politi, søknad om pass, adresse, bank – andre formelle ting.
- Introduksjonsprogram og programrettleiing (ikkje det faglige i introduksjonsprogrammet – det følgjes opp av lærarane og ansvarlege for undervisninga).
- Språkpraksis og arbeidspraksis – i samarbeid med vaksenopplæring.
- Vere ein koordinator for flyktningarbeidet i kommunen, legge til rette for samarbeid og samhandling.

Ein ser no behovet for å auke flyktningkonsulenten frå 80% til 100% stilling. Det krevjast mykje arbeid med nærmare 40 flyktningar, både praktisk og , med saksbehandling, og det gjeng mykje tid til blant anna samarbeid med dei andre einingane. Det er viktig at flyktningkonsulenten er tilgjengelig og til stades. Konsulenten må og ha tid til oppfølging av flyktningane, på skule, i språkpraksis og i det daglege, samt samarbeid med dei andre einingane internt i kommunen. Auka i stillinga er lagt inn i budsjettet.

Vi har tankar og eit ynskje om å utarbeide eit undervisningsopplegg i økonomi for flyktningane slik at dei er rusta på best mogleg måte når det kjem til «kvardags økonomien» Dette er i gong og alle flyktningar i Bygland kommune vil ha «kvardags økonomi» som ein del av deira introduksjonsprogram.

Overordna mål for verksemda:

- Kommunen skal møte brukarane sine med profesjonalitet, respekt og toleranse
- Vi skal vidareutvikle dei gode, trygge lokalsamfunna prega av nærleik og omsyn til fellesskapet og med fokus på enkeltmenneske
- Målsettinga for sosiale tenester er heimla i sosialtenestelova og har som hovudmål å fremje økonomisk og sosial tryggleik, og betre levekåra for dei som er vanskelegstilte.
- Hovudmålsetjinga for flyktningtenesta er å hjelpe flyktningar som kjem til kommunen med tilpassing til det norske samfunn og i samband med dette yte bistand til opplæring, bustad, økonomi og til å skaffe høveleg arbeid.

Styringsmål:

- Å etablere eit tilstrekkeleg internkontrollsystem for å sikre at tildeling og utføring av tenestene er lovmessige og forsvarlege
- Sikre vedtak om, og oppfølging av, individuelle planar
- Vidareføre utviklingsarbeid som sikrar og styrkar tverrfagleg samarbeid
- Styrke dialogen med tenestemottakarar
- Utarbeide kompetanseplan og gjennomføre tiltak i samsvar med denne
- Arbeide for lovmessig kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming.
- Lågt sjukefråvær gjennom førebygging, oppfølging og tilrettelegging av dei sjukmelde

Resultateining: Pleie og omsorg

Omtale av eininga:
Bygland kommune skal ha fokus på å ha eit godt kvalitetsnivå på pleie- og omsorgstenestene. Hovudoppgåva til pleie- og omsorgseininga er å yte tenester til pasientar og brukarar som har behov for kommunale tenester.

Det er 3 avdelingar i pleie- og omsorgseininga. Desse er:

- Avdeling Byglandsheimen
- Avdeling open omsorg
- Avdeling for habilitering («Habiliteringstenesta»)

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
Resultateining 33 : Pleie og omsorg			
Netto	31 857	31 510	31 929

Aktivitet:

Overordna
Eininga har i løpet av dei 3 siste åra gjennomført tiltak som har ført til store reduksjonar i driftskostnadane. Sett i samanheng med det aukande behovet for pleie- og omsorgstenester i Bygland kommune, er det vanskeleg å sjå at det er mogleg å gjere ytterlegare reduksjonar utan at det går ut over tenestetilbodet. Eininga vil framleis ha fokus på utvikling og kostnadseffektivitet, men må fyrst og fremst overhalde lovmessige krav når det gjeld tenestebehov.

Eininga vil i 2018 arbeide målretta med forbetrings- og kvalitetsarbeid som del av kommunens satsing på K-Lean. Målsettinga er å få på etablert ein kontinuerleg forbetringskultur i eininga. Organisasjonen må

vidareutviklast til å vere best mogleg tilpassa framtidas behov for pleie- og omsorgstenester i ein kommune som Bygland, og det kan bli naudsynt å gjere tilpassingar i eksisterande struktur for å få dette til. Dette vil innebere at 2018 vil bli eit år med organisasjonsutvikling (OU) og forbetringsarbeid retta mot å forbetre tenestane innanfor den gjeldande økonomiske ramma.

«Forbetring» og «kvalitet» er sentrale omgrep i pleie- og omsorgstenesta, og dette inneber at einingа vil utvikle arbeidsmåtar, metodikk, samhandling mellom avdelingar og kompetanse. I tillegg vil god kvalitetsstyring (internkontroll) vere viktig, både når det gjeld avvikshandtering og dokumentasjon av rutinar og prosedyrar. Einingа er med i satsinga på velferdsteknologi, og i løpet av dei siste 2 åra har all velferdsteknologi i kommunen vorte heil-digitalisert. Dette er ei utvikling som vi vil føre vidare inn i 2018. Einingа vil få kompetanseheving gjennom deltaking i opplæringsprogrammet «Velferdsteknologiens ABC».
Brukarmedverknad er viktig for pleie og omsorg, og vil i 2018 utvikle dette vidare. Vi har etablert brukar- og pårørandeaftan som eit tiltak, men vil søkje å få på enda fleire arenaer for god brukarmedverknad i løpet av 2018.

Rekruttering av tilsette med rett kompetanse som ønskjer å bli i einingа er eit viktig satsingsområde, samt at kompetanseheving av dei som allereie er tilsett vil bli prioritert i 2018. Einingа har eigne undervisningsfasilitetar som mogleggjer internopplæring på ein betre og meir effektiv måte enn tidlegare. I tillegg til etter- og vidareutdanning på universitetsnivå, vil 6 tilsette gjennomføre «Demensomsorgens ABC» i 2018.

Buformer
Einingа disponerer ulike typar buformer for ulike behov hjå brukarar og pasientar. Desse er:

- Institusjonsplasser (langtidsplasser)
- Bufellesskap for eldre og demente
- Omsorgsbustadar for eldre
- Omsorgsbustadar for psykisk utviklingshemma
- Aldersbustadar for eldre

Leiing, administrasjon og støttefunksjonar
Leiinga består av tenesteleiar og 3 avdelingsleiarar, som kvar har ei delt stilling mellom leiing/administrativt arbeid og operativt arbeid på skift.

Administrasjonen (den merkantile støtta) er tilpassa behovet.

På grunn av pågåande utviklingsarbeid, vil det mest sannsynleg bli endringar innan både leiing og administrasjon i løpet av 2018.

Støttefunksjonane kjøkken og reinhald er lagt til eiget budsjettområde, medan vaskeritenesta vert kjøpt frå Setpro AS.

Avdeling Byglandsheimen
Byglandsheimen er kommunen sin sjukeheim, og avdelinga har eige budsjettområde. Avdelinga har langtidsplassar for eldre og demente, korttids-/avlastningsplasser og bufellesskap for demente.

Avdelinga si bemanning i 2018 vert planlagt ut i frå inntil 12 langtidsplasser, 4 korttids-/avlastingsplasser og bufellesskap for demente på Byglandsheimen med 6 plassar.

Avdelinga har eit utvida ansvar for rehabilitering av korttidspasientar, og aktivitøren er difor overført til avdeling Byglandsheimen. Ansvaret for gjennomføring av tilbodet «open dag» for eldre og demente høyrer til avdeling Byglandsheimen.

Avdelinga sin turnus/bemanningsbehov er i dag i tråd med reell bemanning.

Avdeling open omsorg
Avdeling for open omsorg har ansvaret heimesjukepleie, praktisk bistand og utlån/utleige av ulike hjelpemiddel. Avdelinga har eigne budsjettområde. Avdelinga har ansvar for tilsyn med omsorgsbustadane og bufellesskap for eldre på Byglandsheimen.

I tillegg til dei lovpålagde tenestene, har ein matombringing til eldre og uføre, og velferdsteknologiske løysingar til utleige (blant anna tryggleiksalarmar og andre sensorar som kan koplast til dette systemet).

Avdelinga si bemanning blir planlagt ut ifrå at behovet for tenester innan open omsorg er aukande. Turnus/bemanningsbehov er i dag i tråd med reell bemanning, men pga. pågåande utviklingsarbeid vil det mest sannsynleg bli endringar i avdelinga sin organisasjon i løpet av 2018.

Avdeling for habilitering
Avdeling for habilitering har ansvar for open omsorg for heimebuande psykisk utviklingshemma, og har eige budsjettområde. Avdelinga er lokalisert på Sagmoen på Byglandsfjord, og har 6 brukarar buande der. Det er til saman 7 bustader på Sagmoen.

Avdelinga har eit dagtilbod for brukarane sine. Dette tilbodet er primært lokalisert til nybygget på Sagmoen, men og det gamle dagsenteret (2 dagar i veka).

Turnus/bemanningsbehov er i dag i tråd med reell bemanning, men pga. pågåande utviklingsarbeid vil det mest sannsynleg bli endringar i avdelinga sin organisasjon i løpet av 2018.

Seniorsenter
Bygland kommune har to seniorsenter i drift – eitt på Byglandsfjord og eitt på Bygland. Desse blir drive i tett samarbeid med Bygland frivilligsentral, og er eit lågterskeltilbod til eldre i kommunen.

Overordna mål for verksemda:

- I Bygland kommune skal alle oppleve eit godt og framtidsretta pleie- og omsorgstilbod, som er i tråd med kva som er pålagt i helse- og omsorgslovgivinga.
- Eininga skal planlegge, gjennomføre, evaluere og om naudsynt korrigere verksemda sånn at tenestane sitt omfang og innhald er i samsvar med krav i lov og forskrift.
- Eininga skal arbeidde målretta for å ha eit godt omdøme, både ovanfor innbyggarar i kommunen og tilsette i eininga.
- Eininga skal møte pasientar/brukarar og pårørande med profesjonalitet, respekt og toleranse.
- Pleie- og omsorgstrengjande i Bygland kommune skal gjennom god kvardagsrehabilitering gjevast høve til å bu i eigen heim så lenge som mogeleg.

Styringsmål 2018:
Eininga skal:

- Planleggje, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda i tråd med dei gjeldande og komande behov.
- Halde tildelt økonomisk ramme, og arbeide målretta for å få på plass ein endå meir kosteffektiv drift av eininga.
- Vidareføre og etablere tenestetilbod som er i samsvar med innbyggarane sine behov, med prioritet til dei lettare tenestetilboda som til dømes korttids- og avlastingstilbod, kvardagsrehabilitering, dag-/nattilbod, bruk av velferdsteknologi, med vidare.
- Planlegge og korrigere verksemda i høve til aukande behov for lettare tenester og omsorgs-/ aldersbustader.
- Vidareføre og utvikle kvalitetsstyringa for å sikre at tildeling og utføring av naudsynte tenester er lovmessig og forsvarleg.

- Vere ein relevant pådrivar og bidragsytar i den kommunale Lean-satsinga.
- Vere ein relevant pådrivar og bidragsytar i det tverrfaglege helsenettverket i Setesdal.
- Gjennomføre all sakshandsaming med god kvalitet innanfor dei gjeldande lovmessige krav.
- Gjennomføre tiltak for å rekruttere, utvikle og behalde dei tilsette i eininga.
- Gjennomføre tiltak for å redusere sjukefråveret i eininga gjennom god førebygging, oppfølging og tilrettelegging.

Resultateining: Drift og Forvaltning

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.) DFV:

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
Resultateining 35: Drift og forvaltning ekskl. VARF			
Netto	**13 328**	**13 000**	**12 721**

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.) VARF:

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
Resultateining 40: Drift og forvaltning- VARF			
Netto	**927**	**1 038**	**240**

Kommentar*:*
Drift og forvaltning utøver tenesteyting på fleire nivå, både internt i organisasjonen og for kommunen sine innbyggarar. I grove trekk er hovudoppgåvene som følgjer:

- Drift og vedlikehald av bygg, anlegg (VA) og infrastruktur (veg og grøntanlegg inkl. kyrkjegardar og gravartenester)
- Sakshandsaming og oppfølging jf. Ca. 25 ulike lovverk
- Ulike drifts – og investeringsprosjekt
- Personal – og økonomiansvar

Nye hovudmoment som påverkar driftsramma i 2018:

- Kjøp av jordbrukstenester frå Bykle f o m 1/1-2018, omlag kr 280.000,-
- Det er budsjettert med kr 150.000,- mindre i inntekter som var generert med tanke på utgreiingsarbeidet med vindmøllesaka. Dersom det blir bygging kan ein kalkulere med ca. kr 60.000,- ekstra, men dette er ikkje budsjettert.
- Ein har ikkje lukkast med å take bort bruken av gamle gymsalen på Bygland skule etter at den nye idrettshallen blei teken i bruk. Driftskostnadar med reinhald, oppvarming med meir har ikkje blitt redusert som ein såg føre når ny idrettshall vart opna.
- Det er budsjettert med husleige for Bankbygg AS og Byglandstunet AS på 2017 nivå. Desse selskapa er nå konsolidert til eit selskap, Byglandstunet AS. Selskapet er nå inne i ein prosess for å forsøke å refinansiere låna i selskapet via kommunal ordning. Dersom det let seg gjere, kan husleige kostnadene blir vesentleg redusert framover.
- Utgiftene til teknisk vakt er vidareført med same nivå som i 2017. Det vil bli gjennomført ein prosess i 2018 for å sjå om vaktordninga kan organiserast på ein meir kostnadseffektiv måte.
- Det vert oppretta fond på kr 4.000.000 til kommunale vegar som skal brukast over 4 år.

Styringsmål ved DFV:

- Bygland kommune sine verdiar skal leggast til grunn for våre handlingar.
- Arbeide for å oppnå kommuneplanen sine hovudmålsettingar.
- Halde tildelt økonomiske ramme og fokusere på arbeids – og kostnadsreduserande tiltak som gjev handlingsrom for framtida.
- Fokusere på forvaltningsregelverket og lovleg ivaretaking av brukarinteressene på ein måte som også kan forklare eventuelle motsettingar mellom brukarinteressene og kommunen på ein god måte.
- Søke å vere i framkant med publikumsinformasjon.
- Arbeide for eit lågt sjukefråvær ved å førebygge, inkludere og følgje opp med tilrettelegging der det er mogleg.
- Samverke internt og med andre einingar og brukarar.
- Drifte bygg og anlegg til beste for brukarane og innbyggarane sitt beste
- I drifts – og vedlikehaldssamanheng på bygg og anlegg så skal ein prioritere oppvekstsentra, Byglandsheimen, aldersbustadane og bygg knytt til habiliteringstenesta, inkludert dagsenteret samt vassverka og kloakkreinseanlegga.

Større prosjekt

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.) Prosjekt:

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
Resultateining: 41 Større prosjekt			
Netto	700	750	1 749

Kommentar*:*
Denne eininga er oppretta for å handtere større prosjekt i kommunen, eller prosjekt med anna finansiering. Det ligg inne ein kostnad for 2018. Dette er prosjekt på Prestneset, reguleringsplan på Ose og ras og flaumsikringsprosjekt. Alle prosjekta er finansiera via næringsfondet

Resultateining: Eksterne samarbeid

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.) Eksternt:

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
Resultateining: 80 Eksterne samarbeid			
Netto	11 995	12 173	11 437

Kommentar*:*
Denne eininga er budsjettert med kostnadar til eksterne samarbeid kommunen har. Dette gjeld overføringar til IKS, vertskommunesamarbeid og overføringar til andre samarbeid kommunen tek del i. Årsaka er å skaffe seg ei enklare oversikt over samla kostnadsnivå. Samt at dette er i hovudsak kostnadar ein ikkje kan påverke direkte. Dei er som oftast regulert gjennom vedtak på politisk nivå eller resultata i dei einskilde objekta.

Oversikt over budsjetterte midlar:

Eksterne samarbeid		2018
Ansvar	Tekst	Budsjett
8000	Fellesutgifter/sektorovergripande	772 000
	- Skatteinnkreving	
	- Bedriftshelsetjenesten	
	- SetPro	
	- Interkommunal arbeidsgiverkontroll	
8001	Kontrollutvalet	130 000
8002	Revisjon	510 000
8003	IKT	2 480 000
8004	PPT	738 000
8005	Musikk og kulturskule	390 000
8006	Aust-Agder museum og arkiv - Museumsdel	388 000
8007	Setesdal barnevern	2 900 000
8008	Legevakt	437 000
8009	Kommunal øyeblikkelig hjelp	480 000
8010	Lokalmedisinske tenester	785 000
8011	Setesdal brannvesen IKS	1 985 000
8099	Vassdragsstyre for øvre Otra	-
	Summert	11 995 000

Resultateining: Andre sentrale inntekter og kostnadar

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.) Sentralt:

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
Resultateining 90: Andre sentrale inntektar og kostnadar			
Netto	-7 249	-6 432	-8 934

Kommentar:
Under denne eininga ligg sentrale inntekter og kostnadar som skal direkte inn i drifta. Dette er inntektsføring av mva refusjon i drift, sal av konsesjonskraft, bruk av næringsfond som ikkje ligg på andre einingar, kapitalinntekt frå sjølvkostområdet, avsetting til sentral tilleggsløyving for lønnsauke og eigarkostnader til Agder Energi.
Auka inntekt frå 2017 til 2018 skuldast fordeling av bruk av næringsfond ut på andre einingar, samt at kapitalinntekta på sjølvkost er auka etter fleire investeringar innan VAR området. Tilleggsløyvingane til løn er også redusera i 2018.

Oversikt over prognosane på konsesjonskraftsal

	Prognose konsesjonskrafts per oktober			2017
Inntekt - Sal av	2018	2019	2020	2021
Konsesjonskraft	3 639 000	3 359 000	3 359 000	3 359 000

Kommentar:
Ein gjer merksam på at desse inntektene er meir usikre kor langt ut i prognosen ein ser. 2021 er eit reint anslag då ein ikkje har begynt å selje bindingar for dette året enda.

Bygland 08.11.2017
Rådmannen

VEDLEGG

Budsjettskjema 1A. Økonomiplan

Tal i heile 1000:

Budsjettskjema 1A - driftsbudsjettet Bygland kommune						
		Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
1	Skatt på inntekt og formue	-26 394	-27 011	-27 309	-27 606	-27 904
2	Ordinært rammetilskot	-59 975	-60 327	-60 174	-60 702	-60 945
3	Skatt på eigedom	-7 768	-8 395	-8 395	-8 395	-8 395
4	Andre direkte eller indirekte skatter(konsavg.)	-6 150	-6 300	-6 300	-6 300	-6 300
5	Andre generelle statstilskot	-388	-342	-331	-320	-309
6	**Sum frie disponible inntekter**	**-100 675**	**-102 375**	**-102 509**	**-103 323**	**-103 853**
7	Renteinntekter og utbytte	-7 744	-7 731	-7 731	-7 731	-7 731
8	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	2 538	2 400	2 400	2 400	2 400
9	Avdrag på lån	4 650	4 650	4 650	4 650	4 650
10	**Netto finansinntekter**	**-556**	**-681**	**-681**	**-681**	**-681**
11	Til dekning av tidlegare års rekneskapsm. meirforbruk	-	-	-	-	-
12	Til ubundne avsettingar					
13	Til bundne avsettingar	3 150	3 300	3 300	3 300	3 300
14	Bruk av tidlegare års rekneskapsm. mindreforbruk	-	-	-	-	-
15	Bruk av ubundne avsettingar	-3 988	-1 100	-1 000	-1 000	-1 000
16	Bruk av bundne avsettingar	-3 505	-3 390	-3 390	-3 390	-3 390
17	**Netto avsetting**	**-4 343**	**-1 190**	**-1 090**	**-1 090**	**-1 090**
18	Overført til investeringsrekneskapet					
19	**Til fordelt drift**	**-105 574**	**-104 246**	**-104 280**	**-105 094**	**-105 624**
20	**Sum fordelt til drift (frå skjema 1 B)**	**105 574**	**104 246**	**104 280**	**104 340**	**104 440**
21	**Meirforbruk/mindreforbruk = 0**	**-**	**-**	**-**	**-754**	**-1 184**

Budsjettskjema 1B. Økonomiplan

Tal i heile 1000:

Budsjettskjema 1 B - driftsbudsjettet Bygland kommune

Til fordeling drift (fra budsjettskjema 1 A)

Fordelt slik:	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2018-2021
Resultateining 10: Politisk styring						
Netto	1956	1830	1930	1830	1930	7520
Resultateining 20: Sentral adm. og fellesutgifter						
Netto	12700	12927	12827	12827	12827	51408
Resultateining 201: Kultur (Kultur, bibliotek, bygdebok, U.klubb)						
Netto	1338	1488	1338	1338	1338	5502
Resultateining 300: Bygland oppvekstsenter						
Netto	16712	16901	16901	16901	16901	67604
Resultateining 302: Byglandsfjord oppvekstsenter						
Netto	9702	10835	10835	10835	10835	43340
Resultateining 31: Helse						
Netto	7851	8471	8471	8471	8471	33884
Resultateining 32: NAV						
Netto	1324	236	1120	1280	1280	3916
Resultateining 33 : Pleie og omsorg (Byglandsheimen, open omsorg og habiliteringstenesta)						
Netto	31510	31857	31857	31857	31857	127428
Resultateining 35: Drift og forvaltning ekskl. VARF						
Netto	13000	13328	13328	13328	13328	53312
Resultateining 40: Drift og forvaltning- VARF (vann, avlaup, renovasjon og feiing)						
Netto	1038	927	927	927	927	3708
Resultateining 41: Større prosjekter						
Netto	750	700				700
Resultateining 80: Eksterne samarbeid						
Netto	12173	11995	11995	11995	11995	47980
Resultateining 90: Andre sentrale inntektar og kostnadar						
Netto	-6432	-7249	-7249	-7249	-7249	-28996
Netto driftsutgifter	**103622**	**104246**	**104280**	**104340**	**104440**	**417306**

Budsjettskjema 2A. Økonomiplan

Tal i heile 1000:

Budsjettskjema 2A - investeringsbudsjettet Bygland kommune - Økonomiplan						
		Budsjett 2018	**Budsjett 2019**	**Budsjett 2020**	**Budsjett 2021**	**Budsjett 2018-2021**
1	Investeringar i anleggsmidlar	10 520	26 290	5 620	1 400	43 830
2	Utlån og forskuteringar	300	300	300	-	900
3	Kjøp av aksjer og andeler	580	600	620	640	2 440
4	Avdrag på lån	800	800	800	-	2 400
5	Dekning av tiligere års udekket					
6	Avsettingar	-	-	-	-	-
7	**Årets finansieringsbehov**	**12 200**	**27 990**	**7 340**	**2 040**	**49 570**
8	**Finansiert slik:**					
9	Bruk av lånemidlar	2 810	25 800	5 320	1 400	35 330
10	Inntekter frå sal av anleggsmidlar	300	300	300	-	900
11	Tilskot til investeringar	7 000	-	-	-	7 000
12	Kompensasjon for merverdiavgift	710	490	300	-	1 500
13	Motteke avdrag på utlån og refusjonar	800	800	800	-	2 400
14	Andre inntekter	-	-	-		-
15	**Sum ekstern finansiering**	**11 620**	**27 390**	**6 720**	**1 400**	**47 130**
16	Overført frå driftsbudsjettet	-				-
17	Bruk av tildlgere års udisponert					-
18	Bruk av avsettingar	580	600	620	640	2 440
19	**Sum finansiering**	**12 200**	**27 990**	**7 340**	**2 040**	**49 570**
20	**Udekka/udisponert = 0**	-	-	-	-	-

Budsjettskjema 2B. Økonomiplan

Tal i heile 1000:

Skjema 2B - Økonomiplan						
Prosjektnr	**Investeringar:**	**2018**	**2019**	**2020**	**2021**	**SUM**
804	Kartverk/ Geovekstprosjektet	250	250	250	250	1 000
817	Kjøp av tomteareal	500	0	0	0	500
000	Innkjøp av selvgående lift	0	300	0	0	300
559	Kloakkrenseanlegg Bygland	500	22000	0	0	22 500
841	Detaljprosjektering av VVA Landeskogen	0	430	0	0	430
828	Nærmiljøanlegg IFK plan - kommunal eigenandel (tippemiddel basert)	150	150	150	150	600
841	Vatn til og avlaup frå Landeskogen	0	0	2720	0	2 720
841	Opprusting av veg til Landeskogen	0	0	1500	0	1 500
560	Renseanlegg Austadneset	2800	0	0	0	2 800
000	Tilbygg kontorlokale Nesmoen	0	200	0	0	200
000	Forprosjekt Saneringsplan og VA prosjekt - Prestlia	0	160	0	0	160
000	Innkjøp av minigraver	0	400	0	0	400
873	Innkjøp av ny traktor	800	0	0	0	800
563	Rehabilitering av kloakkrense/-pumpestasjoner i kommunen	2000	1000	1000	1000	5 000
564	Forlenging hovedvassledning - Reiårsfossen Camping	250	0	0	0	250
869	Ombygging av gymsal til aula - Bygland - Må mogleg i drift	800	0	0	0	800
874	Styring SD anlegg Årdalshallen	150	0	0	0	150
557	Overvakingssystem på kloakkpumpestasjonar/vassverk	240	0	0	0	240
000	Rehabilitering av stasjonsområde Byglandsfjord	0	300	0	0	300
000	Bruksendring gml. Heradshuset	0	100	0	0	100
875	Brannsikring trehusbebyggelse Ose Sentrum	300	0	0	0	300
601	Uteareal Bygland oppvekstsenter	1000	0	0	0	1 000
602	Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter	0	1000	0	0	1 000
603	Prosjektering Lys-/turløype	200	0	0	0	200
876	Oppgradering og inventar kommunehuset	150	0	0	0	150
806	Bustadområde Austad	430	0	0	0	430
	Sum investeringar	**10 520**	**26 290**	**5 620**	**1 400**	**43 830**

	Fra skjema 2A	2018	2019	2020	2021	SUM
950	Utlån Startlån	300	300	300	0	900
950	Avdrag Startlån til Husbanken	800	800	800	0	2 400
951	Eigenkapitaltilskot KLP	580	600	620	640	2 440
952	Avsetninger	0	0	0	0	0
	Sum investeringar	**1 680**	**1 700**	**1 720**	**640**	**5 740**
Totalt finansieringsbehov		**12 200**	**27 990**	**7 340**	**2 040**	**5 740**
Prosjektnr	**Finansiering:**	**2018**	**2019**	**2020**	**2021**	**SUM**
950	Bruk av Startlån	-300	-300	-300	0	-900
950	Avdrag Startlån frå lånetakarane	-800	-800	-800	0	-2 400
951	Tidlegare avsetningar	-580	-600	-620	-640	-2 440
952	Låneopptak/Ubrukte lånemidler	-2510	-25500	-5020	-1400	-34 430
811	Tomtesal	-300	-300	-300	0	-900
0	Bustadsal	0	0	0	0	0
0	Tilkoblingsavgifter/ refusjonar	0	0	0	0	0
860	Statstilskot bustader	-7000	0	0	0	-7 000
952	Bruk av fond/avsetninger	0	0	0	0	0
Alle	MVA komp. i investering	-710	-490	-300	0	-1 500
0	Overføring frå/til driftsbudsjettet	0	0	0	0	0
	Sum finansiering	**-12 200**	**-27 990**	**-7 340**	**-2 040**	**-49 570**

Budsjettskjema 1A. Årsbudsjett

Tal i heile 1000

Budsjettskjema 1A - driftsbudsjettet Bygland kommune				
		Budsjett 2018	**Budsjett 2017**	**Rekneskap 2016**
1	Skatt på inntekt og formue	**-27 011**	-26 394	-25 620
2	Ordinært rammetilskot	**-60 327**	-59 750	-59 025
3	Skatt på eigedom	**-8 395**	-7 768	-8 843
4	Andre direkte eller indirekte skatter(konsavg.)	**-6 300**	-6 150	-6 247
5	Andre generelle statstilskot	**-342**	-388	-2 439
6	**Sum frie disponible inntekter**	**-102 375**	**-100 450**	**-102 174**
7	Renteinntekter og utbytte	**-7 731**	-7 744	-8 565
8	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	**2 400**	2 190	2 138
9	Avdrag på lån	**4 650**	4 650	4 303
10	**Netto finansinntekter**	**-681**	**-904**	**-2 124**
11	Til dekning av tidlegare års rekneskapsm. meirforbruk	**-**	-	-
12	Til ubundne avsettingar	**-**	7 012	10 098
13	Til bundne avsettingar	**3 300**	3 150	3 264
14	Bruk av tidlegare års rekneskapsm. mindreforbruk	**-**	-7 012	-10 198
15	Bruk av ubundne avsettingar	**-1 100**	-1 688	-500
16	Bruk av bundne avsettingar	**-3 390**	-3 505	-2 508
17	**Netto avsetting**	**-1 190**	**-2 043**	**156**
18	Overført til investeringsrekneskapet			
19	**Til fordelt drift**	**-104 246**	**-103 622**	**-104 142**
20	**Sum fordelt til drift (frå skjema 1 B)**	**104 246**	**103 622**	**97 130**
21	**Meirforbruk/mindreforbruk = 0**	**-**	**-**	**-7 012**

Budsjettskjema 1B. Årsbudsjett

Tal i heile 1000.

Budsjettskjema 1 B - driftsbudsjettet Bygland kommune Til fordeling drift (fra budsjettskjema 1 A)			
Fordelt slik:	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
Resultateining 10: Politisk styring			
Netto	**1 830**	**1 956**	**1 648**
Resultateining 20: Sentral adm. og fellesutgifter			
Netto	**12 927**	**12 700**	**11 690**
Resultateining 201: Kultur			
Netto	**1 488**	**1 338**	**1 343**
Resultateining 300: Bygland oppvekstsenter			
Netto	**16 901**	**16 712**	**15 105**
Resultateining 302: Byglandsfjord oppvekstsenter			
Netto	**10 835**	**9 702**	**9 482**
Resultateining 31: Helse			
Netto	**8 471**	**7 851**	**7 681**
Resultateining 32: NAV			
Netto	**236**	**1 324**	**1 039**
Resultateining 33 : Pleie og omsorg			
Netto	**31 857**	**31 510**	**31 929**
Resultateining 35: Drift og forvaltning ekskl. VARF			
Netto	**13 328**	**13 000**	**12 721**
Resultateining 40: Drift og forvaltning- VARF			
Netto	**927**	**1 038**	**240**
Resultateining: 41 Større prosjekt			
Netto	**700**	**750**	**1 749**
Resultateining: 80 Eksterne samarbeid			
Netto	**11 995**	**12 173**	**11 437**
Resultateining 90: Andre sentrale inntektar og kostnadar			
Netto	**-7 249**	**-6 432**	**-8 934**
Netto driftsutgifter	**104 246**	**103 622**	**97 130**

Økonomisk oversikt – Drift

Tal i heile 1000

Budsjettvedlegg 3 Økonomisk oversikt - Drift Tall i 1000 kroner	Budsjett 2 018	Budsjett 2 017	Regnskap 2 016
DRIFTSINNTEKTER			
Brukerbetalinger	-4 690	-4 541	-5 206
Andre salgs- og leieinntekter	-12 869	-12 130	-13 595
Overføringer med krav til motytelse	-10 914	-10 731	-22 460
Rammetilskudd	-60 327	-59 975	-59 025
Andre statlige overføringer	-7 866	-6 463	-9 816
Andre overføringer	-3 639	-4 130	-5 165
Inntekts- og formuesskatt	-27 011	-26 394	-25 620
Eiendomsskatt	-8 395	-7 768	-8 844
Andre direkte og indirekte skatter	-6 300	-6 150	-6 247
Sum driftsinntekter	**-142 011**	**-138 282**	**-155 977**
DRIFTSUTGIFTER			
Lønnsutgifter	81 103	77 336	77 757
Sosiale utgifter	16 870	18 787	18 844
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunens tjenesteproduksjon	19 588	20 401	21 406
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjensteproduksjon	17 094	16 903	15 808
Overføringer	9 121	9 388	10 616
Avskrivninger	25	0	0
Fordelte utgifter	-1 025	-1 004	-751
Sum driftsutgifter	**142 777**	**141 811**	**143 679**
Brutto driftsresultat	**766**	**3 528**	**-12 297**
EKSTERNE FINANSINNTEKTER			
Renteinntekter og utbytte	-7 731	-7 744	-8 566
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Mottatte avdrag på lån	0	0	-8
Sum eksterne finansinntekter	**-7 731**	**-7 744**	**-8 574**
EKSTERNE FINANSUTGIFTER			
Renteutgifter og låneomkostninger	2 016	2 039	2 160
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Avdrag på lån	4 650	4 650	4 303
Utlån	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter	**6 666**	**6 689**	**6 463**
Resultat eksterne finanstransaksjoner	**-1 065**	**-1 055**	**-2 111**
Motpost avskrivninger	-25	0	-6 498
Netto driftsresultat	**-324**	**2 473**	**-20 906**
BRUK AV AVSETNINGER			
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	0	0	-10 198
Bruk av disposisjonsfond	-471	-3 988	-542
Bruk av bundne fond	-4 110	-4 040	-2 970
Sum bruk av avsetninger	**-4 581**	**-8 028**	**-13 710**
AVSETNINGER			
Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0
Avsatt til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	1 308	2 355	15 557
Avsatt til bundne fond	3 596	3 200	5 549
Sum avsetninger	**4 904**	**5 555**	**21 106**
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	**0**	**0**	**-13 510**

Budsjettskjema 2A. Årsbudsjett

Tal i heile 1000

	Budsjettskjema 2A - investeringsbudsjettet Bygland kommune			
		Budsjett 2018	**Budsjett 2017**	**Rekneskap 2016**
1	Investeringar i anleggsmidlar	10 520	19 530	18 849
2	Utlån og forskuteringar	300		284
3	Kjøp av aksjer og andeler	580		453
4	Avdrag på lån	800	800	471
5	Dekning av tiligere års udekket	-		
6	Avsettingar	-		159
7	**Årets finansieringsbehov**	**12 200**	**20 330**	**20 216**
8	**Finansiert slik:**			
9	Bruk av lånemidlar	2 810	14 364	15 614
10	Inntekter frå sal av anleggsmidlar	300	500	305
11	Tilskot til investeringar	7 000	1 800	
12	Kompensasjon for merverdiavgift	710	2 866	3 519
13	Motteke avdrag på utlån og refusjonar	800	800	548
14	Andre inntekter	-		-
15	**Sum ekstern finansiering**	**11 620**	**20 330**	**19 986**
16	Overført frå driftsbudsjettet	-		-
17	Bruk av tildlgere års udisponert	-		
18	Bruk av avsettingar	580		230
19	**Sum finansiering**	**12 200**	**20 330**	**20 216**
20	**Udekka/udisponert = 0**	**-**	**-**	**-**

Budsjettskjema 2B. årsbudsjett

Tal i heile 1000

Budsjettskjema 2B				
Prosjektnr	**Investeringar:**	**Budsjett 2018**	**Budsjett 2017**	**Regnskap 2016**
804	Kartverk/ Geovekstprosjektet	250	250	
817	Kjøp av tomteareal	500	200	143
559	Kloakkrenseanlegg Bygland	500	400	71
828	Nærmiljøanlegg IFK plan - kommunal eigenandel (tippemiddel basert)	150	300	
560	Renseanlegg Austadneset	2 800	2 800	
873	Innkjøp av ny traktor	800		
563	Rehabilitering av kloakkrense/-pumpestasjoner i kommunen	2 000		
564	Forlenging hovedvassledning - Reiårsfossen Camping	250		
869	Ombygging av gymsal til aula - Bygland - Må mogleg i drift	800	500	
874	Styring SD anlegg Årdalshallen	150		
557	Overvakingssystem på kloakkpumpestasjonar/vassverk	240		
875	Brannsikring trehusbebyggelse Ose Sentrum	300		
601	Uteareal Bygland oppvekstsenter	1 000		
603	Prosjektering Lys-/turløype Byglandsfjord	200		
876	Oppgradering og inventar kommunehuset	150		
806	Bustadområde Austad	430	688	222
1046	Aksjekjøp kommunale selskaper 2017		2 202	
1049	Byglandsfjord legekontor - Innredning 2017		788	
561	Detaljprosjekt VA - Stigemo		100	
562	Overløpsledning Grendi		356	
555	Tilbakeslagsventilar VAR - Kloakkrensing		60	
556	Tilbakeslagsventilar VAR - Vassverksdrift		60	
860	Flyktningbustad, 2-mannsbustad		2 234	2 306
864	Solavskjermingsprosjekt - Byglandsheimen		100	320
870	Solavskjermingsprosjekt - Bfjord oppvekstsenter		200	35
872	SD Prosjekt Byglandsfjord Oppvekstsenter		187	
871	Klima og ventilasjonsanlegg Byglandsfjord oppvekstsenter		500	
855	Prosjekt Idrettshall		392	13 286
866	Ambulansestasjon Bygland		2 500	169
867	Ambulansestasjon Bygland - Garasje til heimesjukepleien		1 200	55
868	SD Prosjekt Bygland oppvekstsenter			296
805	Bustadområde Grendi			12
554	Vatn til og avlaup frå Neset og Grendi - Anleggskostnad			315
843	Høgdebasseng Ose			219
846	PU-prosjekt Nybygg Sagmoen			64
856	Mudring og muring Bjorenhuset			245
859	Kaldlager Nesmoen			183
861	Innkjøp Stilashenger			129
862	Innkjøp Snøfres			117
863	Innkjøp Traktorhenger			139
865	Renovering Heis Byglandsheimen			534
	Sum investeringar	**10 520**	**16 017**	**18 860**

	Fra skjema 2A	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
950	Utlån Startlån	300	300	284
950	Avdrag Startlån til Husbanken	800	800	471
951	Eigenkapitaltilskot KLP	580	505	453
	Dekning av tidligere års udekket merforbruk			
952	Avsetninger			159
	Sum investeringar	**1 680**	**1 605**	**1 367**
Totalt finansieringsbehov		**12 200**	**17 622**	**20 227**
Prosjektnr	**Finansiering:**	**2018**	**2017**	**2016**
950	Bruk av Startlån	-300	-300	-284
950	Avdrag Startlån frå lånetakarane	-800	-800	-547
951	Tidlegare avsetningar	-580	-505	-230
952	Låneopptak/Ubrukte lånemidler	-2510	-11 182	-15 330
811	Tomtesal	-300		-317
	Bustadsal			
	Tilkoblingsavgifter/ refusjonar			
860	Statstilskot bustader	-7000	-1 800	
952	Bruk av fond/avsetninger	0	-2 202	
Alle	MVA komp. i investering	-710	-833	-3 519
	Overføring frå/til driftsbudsjettet			
	Sum finansiering	**-12 200**	**-17 622**	**-20 227**

Økonomisk oversikt - Investering

Tal i heile 1000

Budsjettvedlegg 4 Økonomisk oversikt - Investering Tall i 1000 kroner	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
INNTEKTER			
Salg driftsmidler og fast eiendom	-300	-300	-305
Andre salgsinntekter	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	-7 710	-480	-3 519
Kompensasjon for merverdiavgift	0	0	0
Statlige overføringer	0	-1 800	0
Andre overføringer	0	0	0
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0
Sum inntekter	**-8 010**	**-2 580**	**-3 825**
UTGIFTER			
Lønnsutgifter	0	0	155
Sosiale utgifter	0	0	43
Kjøp varer og tjenester som inngår i kommunens tjenesteproduksjon	10 520	10 278	15 132
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteproduksjon	0	0	0
Overføringer	0	480	3 519
Renteutgifter og omkostninger	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0
Sum utgifter	**10 520**	**10 758**	**18 849**
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER			
Avdrag på lån	800	800	471
Utlån	300	300	284
Kjøp av aksjer og andeler	580	460	453
Dekning av tidligere års udekkede merforbruk	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	0	0	0
Avsatt til bundne investeringsfondfond	0	0	159
Sum finansieringstransaksjoner	**1 680**	**1 560**	**1 367**
Finansieringsbehov	**4 190**	**9 738**	**16 392**
FINANSIERING			
Bruk av lån	-2 810	-8 478	-15 614
Salg av aksjer og andeler	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-800	-800	-548
Overføringer fra driftsbudsjettet	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponerte mindreforbruk	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0
Bruk av bundne fond	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-580	-460	-230
Sum finansiering	**-4 190**	**-9 738**	**-16 392**
Udekket / Udisponert	**0**	**0**	**0**